

Årsmelding 2019

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane



Innhald

Forsidefoto: Den fyrste båten i Norffordbåtprosjektet vart døypt «Lille Viking» under dåp i fjæra i Sandane sentrum. Gudmødrene var to medlemmar frå 4H, som i samarbeid med i Norffordbåtlaget har ansvar for dei to fyrste båtane. Båt nummer to, kalla «Færrulf», vart døypt av ordførar i Gloppen, Leidulf Gloppestad, under familiedagen på Nordfjord Folkemuseum i juni. ©MiSF

DIREKTØREN HAR ORDET	2
1. OM MUSEA I SOGN OG FJORDANE	4
2. FAGLEG AKTIVITET	6
2.1 Forvaltning av samlingane	7
Bygningsantikvarisk	8
Kulturlandskap	9
2.2 Forsking og kunnskapsdeling	9
Immateriell kulturarv	10
Kunnskapsdeling og føredrag	10
Publikasjonar	10
2.3 Formidling	10
Den kulturelle skulesekken (DKS)	11
Formidling til barn og unge	11
2.4 Fornyning	13
3. BESØKSTAL	13
4. LISTER	18
4.1. Opne publikumsarrangement	18
4.2. Utstillingar	25
4.3. Publikasjonar	26
4.4. Føredrag	27
5. KUNSTSENTERFUNKSJONANE I SOGN OG FJORDANE	28
6. ÅRSMELDING	30
7. ÅRSREKNESEKAP	35
8. REVISJONSMELDING	35

Direktøren har ordet



©MiSF

2019 var har vore eit spennande år for Musea i Sogn og Fjordane, og eg vil særleg trekke fram følgande:

- Fullfinansiering av nytt fellesmagasin i Angedalen
- Avgjerd om ny prinsippmodell for organisering
- Siste året for Sogn og Fjordane som fylke og mange vertskommunar
- Nye nasjonale rammevilkår for musea er på veg

Det har vore arbeidd med å realisere fellesmagasin for musea i fylket sidan 2006, før danninga av MiSF i 2009. Tilhøva for samlingane til MiSF har over lang tid vore lite tilfredsstillande, og i ei vurdering av MiSF frå 2017 skreiv Kulturrådet følgjande:

«Museets største utfordring er magasinsituasjonen, som er langt fra tilfredsstillende. Så mye som 43 % av gjenstandssamlingene ble oppbevart under dårlige oppbevaringsforhold. Det samme gjaldt 23 % av fotosamlingen og 48 % av farkostene. Dette er alarmerende tall.»

Samla investeringsramme for prosjektet med fellesmagasin i Angedalen er på 77 millionar kroner. I 2019 løyvde Sogn og Fjordane fylkeskommune 20 millionar kroner og Kulturdepartementet 40 millionar kroner. I tillegg bidreg MiSF sjølv med 17 millionar kroner. Dermed er prosjektet fullfinansiert. Fellesmagasinet vil ha eit magasinareal med ei

effektiv grunnflate på omlag 3000 kvadratmeter, og skal etter planen takast i bruk i 2022.

I samband med kunngjerings av løyvinga skreiv Kulturdepartementet følgjande i pressemeldinga:

«Musea i Sogn og Fjordane har overteke ein nedlagt eskefabrikk i Angedalen utanfor Førde sentrum for å bruka han til fellesmagasin. Prosjektet skal utnytte eksisterande fabrikkbygning i størst mogeleg grad, med vekt på økonomi og berekraft, og skapa gode og moderne lagringstilhøve for samlingane. I éin seksjon i bygningen skal det dessutan leggjast til rette for publikum og formidling.»

For MiSF som heilskap, er manglande magasin og oversikt per i dag eit hinder for ei god framdrift når det gjeld registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering. Fellesmagasinet i Angedalen er såleis sentralt for at MiSF kan utnytte potensialet i samlingane til forskning og formidling. Til saman dannar prosjektet ei kjerne i den framtidige berekraftige samlingsutviklinga. Vi har vidare tru på at byggeprosjektet vil ha ein viktig funksjon for å styrke det faglege arbeidet i MiSF. Realiseringa av det nye fellesmagasinet i Angedalen er såleis svært gledeleg og viktig for MiSF.

1. november 2018 gjorde styret vedtak om revidert strategiplan for perioden 2018-2021. I samband med dette vart det også gjort vedtak om ein omfattande tiltaksplan. Som ein konsekvens av vedtaket vart det i 2019 gjennomført ein brei og omfattande intern prosess for å førebu grunnlaget for avgjerd om ny prinsippmodell for korleis MiSF bør vere organisert som konsolidert museum. Styret valte ein klyngemodell der MiSF held fram med dagens museumsarenaer, med der ein organiserer arbeidet i MiSF i fire organisatoriske klyngar; klynge for kunst, klynge for kulturhistorie, klynge for forskning og bevaring og klynge for økonomi og administrasjon. Den nye organiseringsmodellen skal vere ferdig implementert innan utgangen av 2022.

2019 markerte slutten for Sogn og Fjordane fylkeskommune og mange kommunar, og året har vore prega av førebuingar til nytt fylke og nye kommunar. Sjølv om det er venta større endringar knytt til fylkeskulturplan og finansiering var det ved inngangen starten på 2020 ikkje implementert endringar som gav konsekvensar for MiSF.

Korleis musea i det nasjonale museumsnettverket skal finansierast har lenge vore eit viktig tema. Hittil har signala vore at dei offentlege rammene ikkje skal utvidast og at det er forventa at musea i større grad må utvikle sitt potensiale for frie kommersielle inntekter. Som eit apropos til dette arrangerte Kulturdepartementet studietur med det nasjonale museumsnettverket til Skottland vinteren 2019 for å sjå nærare på ulike finansieringsløyser. Bærekraftig museumsfinansiering har fått ny aktualitet med Koronakrisa våren 2020. Reiselivet er svært hardt råka, og truleg kan det ta 2-3 år før reiselivet hentar seg inn att. Såleis kan det bli lenge til høge besøkstal og vekst i dei frie inntektene til musea. Dei musea med stor andel frie inntekter – knytt til billettsal, kafédrift og museumsbutikk – er blitt hardt råka, og det har medført redusert drift og omfattande permitteringar. MiSF er i mindre grad blitt råka, då vi i mindre grad har vore avhengig av slike inntekter.

Det er viktig at høg offentlig finansieringsandel ikkje blir ei kvilepute for musea, og det er absolutt grunn til å forvente endringar i museumsfinansieringa framover. I Museumsnytt (nr 1, 2019) kom det til dømes fram at MiSF var det konsoliderte museet i Vestland fylke som fekk størst statleg driftsstøtte per besøkande med 531 kroner, medan musea i «sørfylket» hadde omlag 100 kroner per besøkande. Det kom også fram at MiSF i 2018 var den sjetteste mottakaren av statleg driftsstøtte i det nasjonale museumsnettverket. I tillegg kom det fram at Hordalandsmusea hadde ein statleg

andel av driftsfinansieringa på 39 %, medan MiSF sin andel var 63%. I mai 2020 meldte Kulturdepartementet at den planlagde overføringa av statleg museumsfinansiering til fylka i det nasjonale museumsnettverket er lagt bort. Det er uklart kva konsekvensar dette medfører for den statlege og fylkeskommunale finansieringa av MiSF.

For tida pågår det eit omfattande arbeid knytt til ny nasjonal museumsmelding. I dette arbeidet har museumsakkreditering og museumslov vore sentrale tema. Akkreditering kan medføre nye kvalifiseringskrav til statleg driftsstøtte. Sjølv om vi ikkje veit mykje om utfallet, er det venta at det vil bli stilt strengare krav til museumsfagleg utvikling og måloppnåing for musea i det nasjonale museumsnettverket. I ei ny museumslov vil truleg akkrediteringskrava bli klargjort; vi forventar auka krav til museumsfagleg kompetanse og presisering av samfunnsoppdraget for musea. Museumsmeldinga er venta våren 2021.

2020 starta med at vi fekk ein ny fylkeskommune og nye vertskommunar. Deretter kom Koronakrisa og ny uvisse om statleg og fylkeskommunal finansiering. I 2021 kjem museumsmeldinga med forventa skjerpa krav til fagleg utvikling og ressurseffektive løyser. Her er det mykje som er sett i spel. Det beste vi i MiSF kan gjere er å ha fokus på korleis vi utfører oppgåvene våre og korleis vi kan utvikle gode og framtidsretta museumsfaglege løyser. Med eit stort og viktig samfunnsoppdrag har vi alt å vinne på å ha eit løpande utviklingsfokus og ein robust driftsmodell; både fagleg og finansielt.

Avslutningsvis vil eg takke alle tilsette og besøkande som har gjort musea våre til fine og levande møtestader i året som har gått.



Kjartan Aa Berge
Administrerende direktør

1. Om Musea i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følgje av den statlege museumsreforma (St.meld. nr. 22 (1999-2000)/Kjelder til kunnskap og oppleving).

Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på kr. 100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane: DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum. I 2012 vedtok styret i Musea i Sogn og Fjordane å ta over drifta i Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter med verknad f.o.m. 2013.

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart 14.07.17 overdratt til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane etter vedtak i Lotteri og Stiftingstilsynet med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2017. Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde ei stiftingskapital på 110.000 kroner. Som ei følgje av denne overdraginga auka stiftingskapitalen til 210.000 kroner. Musea er sett saman av 6 museumsavdelingar med tilhøyrande besøksstader, samt fellesadministrasjon.

Stiftinga bestod av følgjande museum ved utgangen av 2019:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Sogn Fjordmuseum
Norsk Reiselivsmuseum
Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Astruptunet
Eikaasgalleriet
Sogn Kunstsenter
Anders Svor Museum (*Overførast Musea på Sunnmøre pr. 1.1.2020 pga kommunesammenslåing-Volda Kommune*)
Nordfjord Folkemuseum
Kystmuseet i Sogn og Fjordane
Vågsberget
Sunnfjord Museum
Norsk Kvernsteinsenter

Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det, i flg. stiftingsvedtektene, vere eit råd for det konsoliderte museet.

Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen på Vestlandet, BKSF (Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane) og Norske kunsthåndverkere, Vestnorge. Rådet hadde eit møte i 2019.

Styret

Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og eit styremedlem med personlege vara. Rådet vel tre medlemmer med personlege vara. To medlemmer med personlege vara, vert valde av dei tilsette. Styret er det øvste organet i stiftinga.

Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtaler elles.

Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningsliner som er gjevne i tilsegnsbrev fra offentlege styresmakter.

Styremedlemmar 2019

Styreleiar:	Ivar Kvalen	Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune
Nestleiar:	Hanne Oftedal	Valt av rådet
Styremedlem:	Kristin Maurstad	Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune
Styremedlem:	Arild Bergstrøm	Valt av rådet
Styremedlem:	Olve Grotle	Valt av rådet
Styremedlem:	Eva Marie Felde	Valt av dei tilsette
Styremedlem:	Jan-Arve Lund	Valt av dei tilsette
Varamedlem:	Hilde Kvamsås Aa	Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune
Varamedlem:	Frode Bøthun	Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune
Varamedlem:	Eli Grete Høyvik	Valt av rådet
Varamedlem:	Hege Lothe	Valt av rådet
Varamedlem:	Anders Ryssdal	Valt av rådet
Varamedlem:	Øyvind Skarstein	Valt av dei tilsette


Leiargruppa

Leiargruppa i MiSF består av administrerande direktør, 6 avdelingsdirektørar, museumsfagleg seniorrådgjevar, økonomisjef og drifts- og eigedomssjef.



På familiedagen sette vi vatn på stampa i friluftsmuseet. Steinar Evebø demonstrerte korleis den fungerer i praksis. Stampa var eit anlegg til å bearbeide tøy. Tovinga gjorde ullstoffet mjukt og varmt. Denne stampa var eigd i fellesskap av fleire brukarar i Gjengedal i Hyen. Nordfjord Folkemuseum. ©MISF

Organisasjonskart



2. Fagleg aktivitet

Med 13 besøksstader er Musea i Sogn og Fjordane til stades på eit stort geografisk område i det som fram til utgangen av 2019 var eit fylke. Det er særleg på desse arenaene at museet er synleg for ålmenta, gjennom utstillingar og familiedagar, skulebesøk og DKS-opplegg, omvisingar og føredrag, og friluftsmusea med dei antikvariske bygningane. I aukande grad har dei einskilde besøksstadene også teke sosiale media i bruk for å nå ut til publikum med si formidling. I tillegg samarbeider musea med andre organisasjonar, institusjonar og einskilde kulturaktørar om arrangement som tek musea sine område og dei tilsette sin kunnskap i bruk. Engasjementet som vert lagt inn i å gje dei besøkande gode opplevingar er stort, noko som speglast i at mykje ressursar også vert nytta til dette arbeidet.

Med bakgrunn i dette kan det vere overraskande, og kanskje skuffande, å lese i Kulturrådet sin rapport om musea i det nasjonale museumsnettverket for året 2018 (publisert hausten 2019) at Musea i Sogn og Fjordane si formidlingsaktivitet er «mindre tilfredsstillande». Grunngevinga for ei slik vurdering er ikkje så utfyllande i rapporten, men saman med fråveret av ei målbar effekt av ressursbruken til dømes i auka besøkstal eller strategisk arbeid mot valde målgrupper, peikar Kulturrådet på manglande formidlingsplan som ei viktig årsak. Vi les dette ikkje først og fremst som ei vurdering av innhaldet i den mangfaldige formidlinga som skjer ved musea våre. Det drivast mykje god formidling ved Musea i Sogn og Fjordane. Vi har mange ulike tilbod til både skular og andre grupper og har hyppig arrangement. Formidlarane har eit nettverk som møtast jamleg og alle avdelingane samarbeider om eit DKS-opplegg for 9. klassar. Det vi kan lese i rapporten frå Kulturrådet er eit signal om at ressursane til formidling må nyttast effektivt og rettast mot konkrete målsettingar. Forventningane hos styresmakta til dei konsoliderte museumsinstitusjonane er store, og vi erfarer at desse har kome sterkare til uttrykk dei seinare åra.

Formidlinga ved Musea i Sogn og Fjordane er ikkje forankra i overordna planer og strategiar. Ein formidlingsplan trengs for å få på plass denne forankringa, lette prioriteringane og betre bruken av formidlingsressursane våre. Når dette vert skriva er ei arbeidsgruppe i gang med å utarbeide ei samla formidlingsplan for Musea i Sogn og Fjordane, som vonleg vil vere klar innan utgangen av 2020. Den vil også vere eit verktøy for Kulturrådet si vurdering av arbeidet vårt innanfor feltet. Med den nye organisasjonsmodellen som blei utarbeidd og vedteke i 2019, vil vi vere betre budd på å møte forventingane frå styresmaktene samstundes som Musea i Sogn og Fjordane kan halde fram med å gje publikum formidlingstilbod med høg kvalitet og gode opplevingar.

Ei viktig milepåle vart nådd i 2019, då Musea i Sogn og Fjordane sikra finansiering, først frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og seinare frå Kulturdepartementet, til fellesmagasinprosjektet i Angedalen. Sjølv arbeidet som dannar grunnlag for prosjektet som nå er sikra finansiering, har gått føre seg over fleire år. Med positive signal om finansiering har det no blitt eit nytt moment i arbeidet med å skaffe betre oversyn over samlingane, auke tal på registreringar i Primus og publiseringar på Digitalt museum, og sikre ei berekraftig forvaltning av samlingane mellom anna gjennom avhendingsprosjekt. Dette arbeidet har hatt styrkt fokus i 2019, for å gjere oss budd på den store jobben som ventar når fellesmagasinet kan takast i bruk.

Med utgangspunkt i den kritiske situasjonen for Holvikejekta ved Nordfjord Folkemuseum, har Musea i Sogn og Fjordane i 2019 arbeidd vidare med verne- og formidlingsbygg for denne unike jekta. Det er utarbeidd eit prospekt, og 1. mars sende vi søknad til Kulturdepartementet om støtte over posten for tilskot til Nasjonale kulturbygg. Arkitekt Ola Sendstad har stått for teikningar og Hardanger fartøyvernssenter fekk oppdrag om å utarbeide ein rapport med registrering av enkeltkomponent og mogelege løysingar for oppstøtting. Vi har hatt eit nært samarbeid og erfaringsdeling med Jektefartmuseet i Bodø, som opna 24. juni. Søknaden til Kulturdepartementet om bygg for Holvikejekta vart dessverre avslått i denne omgang, men vurderinga til Kulturrådet var at søknaden er god, og han er difor fornya for budsjettåret 2021. Byggeprosjektet har fått ein garanti frå Gloppen kommune om kr. 10 mill. i tilskot.

2.1 Forvaltning av samlingane

Ein felles plan for forvaltning av samlingane har lenge stått på agendaen som eit vesentleg mål for å etablere ei heilskapleg og berekraftig samlingsforvaltning i Musea i Sogn og Fjordane. Store prosessar i organisasjonen, først strategiarbeid og i 2019 knytt til utarbeiding av ny organisasjonsmodell, samt langtidsfråvær hos medlem av den opphavelige arbeidsgruppa, har diverre ført til at arbeidet med samlingsforvaltingsplanen har stoppa opp. Samstundes er ei av målsettingane med planarbeidet realisert gjennom oppretting av samlingsutvalet, og rutinar for tileigning og avhending blei vedteke i 2019. Samlingsutvalet har månadlege møte der dei drøfter og fattar vedtak i saker utarbeidd av dei samlingsansvarlege ved avdelingane. Samlingsutvalet har også fått i oppdrag å fullføre arbeidet med samlingsforvaltingsplanen i 2020.

*Illustrasjoner av nytt verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta av Arkitekt Ola Sendstad.
@Ola Sendstad Arkitekter*



Verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta
Arkitekt Ola Sendstad



*Thomas Walle og statssekretær Frida Blomgren i fellesmagasinet i Angedalen.
©MiSF*

I 2018 tømde Nordfjord Folkemuseum Heggdalsloftet for gjenstandar, mellom anna mange rokkar. I 2019 har konservator Ingrid Berger gått gjennom alle rokkane i samlinga til museet og tilstandsvurdert dei for vidare bevaring eller avhending. Alle rokkane er no også tilfredstillande registrert i Primus med foto. ©MiSF



Det har vore små endringar i samlingane frå 2018, med ei auke på 37 kunsthistoriske gjenstandar (totalt 7149) og 177 kulturhistoriske gjenstandar (totalt 111 353). Sogn og Fjordane Kunstmuseum kjøpte inn 5 verk i utstillinga Mønstring (Magni Jensen, Vilde J. Hjetland, Marit Thingnæs og Bjarne Svanøe), og eitt verk av Karen Helga Maurstig. Den største auken er ved Nordfjord Folkemuseum (137), og er knytt til inntak av einskilde gjenstandar frå testamenter dødsbu frå tidlegare styreleiar Peter Eide. Det er samstundes avhenda 124 gjenstandar frå samlinga ved avdelinga, som held fram med ein aktiv avhendingstrategi. Elles er det ved Kystmuseet tatt inn eitt fartøy.

Mykje av forvaltingsarbeidet er retta mot revisjon og registrering av gjenstandar, og kvalitetssikring av rapporterte tal. Ved Kystmuseet har dei gått gjennom grunnlagstala og retta opp tidlegare feil, og det er difor store avvik frå tidlegare rapporterte tal. Det får særleg utslag på kunsthistoriske gjenstandar, men og på naturhistoriske gjenstandar. Desse tala er ikkje rekna inn som tilvekst eller avhending for 2019. Likeeins er det registrert kulturhistoriske gjenstandar ved Astruptunet som ikkje tidlegare er rapportert inn. Dette syner at rapporteringa til Kulturdepartementet ikkje evnar å fange opp alt det som gjerast av viktig samlingsforvaltingsarbeid ved musea. Eit anna døme er ved De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum, som har revidert 2361 gjenstandar, og om lag 1000 gjenstandar er flytta frå magasin 1 til magasin 4 med nye hylleadresser i Primus. Samlings arbeidet på Nordfjord Folkemuseum har vore konsentrert om revisjon av gjenstandar som var teke inn frå Heggdalsloftet i 2018. Det har også vore sortert og ommøblert nærmagasin, for å frigje plass til større gjenstandar. Sunnfjord Museum førebur utbetring av administrasjonsbygget, og har i 2019 jobba med registrering, fotografering, pakking og flytting av gjenstandane for å ha full oversyn over samlinga før bygget tømast. Sogn og Fjordane Kunstmuseum har arbeidd mykje med kvalitetssikring, fothandsaming, fotoimport og publisering i Primus til Digitalt Museum, og det er gjort ein stor innsats for å registrere verk mellom anna ved Eikaasgalleriet (112 verk) og i Gjesmesamlinga ved Sogn Kunstsenter (1050 verk). Det er og konservert fleire verk, mellom anna 15 verk av Nikolai Astrup og Bernt Tunold, og verk av Ludvig Eikaas og Hans Gjesme er spent opp og ramma inn.

Anders Svor Museum blir i samband med regionreformen ein del av Stiftinga Sunnmøre Museum frå 2020. I løpet av 2019 er alt av arkivmateriale registrert, med 32 arkivstykkje innehaldande totalt 1195 dokument.



«Anders Svor 4. desember. Nøkkeloverrekking til Sunnmøre Museum». ©MiSF

Bygningsantikvarisk

Eit stort felles prosjekt i 2019 har vore knytt til bygningsvernundersøkinga, som musea i det nasjonale museumsnettveket fekk i oppdrag frå Kulturdepartementet å gjennomføre. Kartlegging og tilstandsvurdering av dei kulturhistoriske bygningane som musea har forvaltingsansvar for har gått føre gjennom heile året i perioden april – november, med ferdigstilling av skjema til Kulturrådet i desember. Til saman har Musea i Sogn og Fjordane vurdert 153 bygg. Tilstandsvurderinga har nytta metodikk utarbeidd av Kulturrådet, med mål om å stadfeste tilstandsgrad (TG) basert på observasjonar av bygningsdeler ut frå samanliknbare kriterium. Undersøkinga syner etter ei samla vurdering at 86 bygg hamnar i kategori TG 1, 48 i kategori TG 2 og 19 i TG 3, der det siste syner til bygningar og bygningsdeler med kraftige og alvorlege symptom på til dømes råteskader eller kollaps i konstruksjonar. I etterkant

av vurderinga er alle bygga registrert i Primus og publisert med bilete og opplysningar på Digitalt Museum. Som ei følge av at alle dei oppførte kulturhistoriske bygningane no er registrert i Primus, har vi eit godt utgangspunkt for å ta i bruk FDV-modulen til planlegging og oppfølging av den bygningsantikvariske forvaltninga.

Grunna ny gjennomgang av bygningsmassen i samband med bygningsvernundersøkinga, er tala på kulturhistoriske bygningar justert. Vidare har ein lengre prosess med mistyding og ukorrekt informasjon frå Kulturrådet, ført til at det i nokre år har blitt rapportert berre «oppførte» kulturhistoriske bygningar. Årets tal inkluderer også 23 lagra kulturhistoriske bygningar, og syner at Musea i Sogn og Fjordane totalt har 176 kulturhistoriske bygningar.

Av store prosjekt ved avdelingane kan særleg nemnast antikvarisk vedlikehald av det freda Kvammeloftet ved De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum. I 2018 fekk museet støtte gjennom Handverksforskningsprosjektet, der føremålet er å forske på tema som er relevant for musea sine bygningssamlingar ut i frå handverkaren sin ståstad. Grunnleggjande spørsmål er om vi kan sjå andre ting, eller lengre med handverksblikket enn det forgiengarane våre har sett, og kva vi kan finne ut gjennom å studere verktøyspor og materialkvalitetar for å rekonstruere arbeidsprosedyrar i det tradisjonelle handverket. I 2019 har vi teke dendrokronologiske prøvar i samarbeid med kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vart hogd tømmer av utvald kvalitet, som vart barka og noko vart skore på sag. Det vart også hogge sprakkrokar til torvhaldskrokar, og dette vart arrangert som eit kurs. Prosjektet held fram i 2020.

Utover Kvammeloftet, er det ved avdelingane gjort større og mindre vedlikehaldsarbeid på fleire av dei kulturhistoriske bygga. Ved Nordfjord Folkemuseum har mellom anna Smie frå Skår fått nytt tak og arbeidet med nytt tak på Fargeri frå Sandane vart påbyrja. I Haugestova ved De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum er halvparten av glasa i bygget restaurert og kitta oppatt.

Kulturlandskap

Forvaltninga av kulturlandskap er ei kontinuerlig driftsoppgåve, og avdelingane jobbar både med å vedlikehalde anlegga samt knyte denne forvaltninga til formidling retta mot publikum. I friluftsmusea handlar det årvisse arbeidet mellom anna om stell av bedd og tre, klipping av gras, damrensing osv. Ved De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum blei engene ved museumsgarden i 2019 utvida, slik at dei no også inkluderer området kring Kvammetunet. Museet får støtte frå Miljødirektoratet sitt prosjekt *Trua naturtypar* til skjotsel av Haukåsengi og Eidet. Ved Nordfjord Folkemuseum er det laga til einestaurar til nytt gjerde i friluftsmuseet. I Kvernsteinsparken held vi fram med skogrydding, eit prosjekt som får stønad frå Fylkesmannen. Frå sommaren 2020 skal det beite sauer i dei rydda områda.

Musea i Sogn og Fjordane er ansvarleg for drifta av det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap. I 2019 hadde nettverket si årlege samling på De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum, med 22 deltakarar. Det var eit variert program, mellom anna med praktisk økt der lauving var hovudtema. Det vart bunde ca. 100 lauvkjerv, som seinare vart oppsett i lauvrauk. Det var også ekskursionar i Lærdals-området, temadag om hagar på museum, og drøfting av korleis nettverksmusea si kunnskap kan aktualiserast i møte med klimautfordringane – ikkje berre i forvaltninga av kulturlandskap og kulturarv, men og som eit verkemiddel for samfunnet generelt.

Vidare har i 2019 endeleg arbeidet med Primus for levande samlingar starta opp att igjen, noko kulturlandskapsnettverket har jobba for i mange år, og er no ein del av KulturIT sitt prosjekt om «e-kultur».



Restaurering Kvammeloftet ved DHS- Sogn Folkemuseum. ©MiSF



Samling i Kulturlandskaps-nettverket på DHS- Sogn Folkemuseum ©MiSF

2.2 Forsking og kunnskapsdeling

Dei ambisiøse måla for forskning som blei vedtekne i strategiplanen, har so langt ikkje vore følgd opp med målretta tiltak for å auke tal på fagfelleverderte publikasjonar og deltaking på faglege konferansar. Det er ei kjend sak at forskinga ved musea ofte risikerer å bli prioritert ned framfor andre oppgåver. I ein periode der Musea i Sogn og Fjordane har gjennomført store prosjekt som har krevd ekstra innsats frå dei tilsette, mellom anna knytt til strategi- og organisasjonsprosessane, arbeid med å løfte samlingsforvaltinga, bygningsvernundersøkinga, samt utskifting av personale i forskarstillingar og noko langtidssfråvær grunna sjukdom, er det lett å finne forklaringar til at forskinga ikkje har hatt eit ynskja løft. Sjølv om ein forskingsplan vil kunne bidra til meir målretta arbeid med kunnskapsutvikling og forskning i musea, er det grunn til å vente at dei store strukturelle endringane som følgjer av ny organisasjonsmodell, med etablering av ei ny klynge for forskning og bevaring, vil ha større verknad på rammevilkåra for forskinga i Musea i Sogn og Fjordane enn det som kan vedtakast i ein plan.

Samstundes har det i 2019 vore jobba med fleire spanande prosjekt der kunnskapsutvikling og forskning har stått sentralt, mange av desse prosjekt som går over fleire år. Døme på dette som allereie er nemnd handverksforskningsprosjektet knytt til antikvarisk arbeid på Kvammeloftet ved De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum. Avdelinga jobbar også vidare med forskinga på Haukåsengi i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, og med eit delprosjekt under forskningsprosjektet ”Minner-Samlingsstad for samtidsdokumentasjon”.

Kalkomnprosjektet ved Norsk Kvernsteinsenter, som er støtta av Riksantikvaren, er også eit prosjekt som går over fleire år. Målet er å produsere kalkmørtel som i mellomalderen og bruke han på mellomalderbygningar som ikkje tåler moderne sement. Behovet for denne type mørtel har stege betrakteleg dei siste åra. I 2018 vart kalkomnen i Kvernsteinsparken ombygd og forbetra. Første brenning var i 2019 under arrangementet «Kalknetter». Det er også bygd ei mindre omn, og der vart det fire brenningar i 2019. Prosjektet er eit vellukka eksempel på koplinga mellom tradisjonshandverk og eksperimentell arkeologi. Det er basert på samarbeid mellom ekspertar og tradisjonshandverkarar frå heile Noreg og lokale dugnadsfolk.

Immateriell kulturarv

Musea i Sogn og Fjordane jobbar aktivt med å dokumentere, ivareta og formidle den immaterielle kulturarven som fell naturleg inn under musea sine satsingsområder. Ved Kvernsteinsenteret formidlast steinrelatert handverk som hogging og bruk av kvernstein, kalkbrenning og flintknakking. I skuleprosjektet med Hyllestad skule og Kvernsteinsparken spesialiserer elevane seg gjennom eit halvt år i kvernsteinshogging. I 2019 tilbød Kvernsteinsparken kurs i smiding og arbeid med kleberstein. Kystmuseet

i Sogn og Fjordane har mellom anna aktivitetar som smiding, sildeflekking og arbeid på Autolinebåten Haugefisk. De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum har gjennom si satsing på kulturlandskap kontinuerlig vekt på handlingsboren kunnskap, særleg knytt til jordbruket, med eigen museumsbonde og årlege slåttedagar. Avdelinga held i 2019 fram med «Museumsdagar» gjennom heile sommaren, der tradisjonsberarar i ulike handverk vart inviterte til museet for å syna sine arbeidsteknikkar, i tillegg til museet sine egne utøvarar.

Musea i Sogn og Fjordane er representert i arbeidet for å utarbeide nye museumsetiske retningslinjer for musea i Noreg, der Anne Kristin Moe leiar ICOM si ekspertgruppe for immateriell kulturarv. Ho er også styremedlem i Seksjon for immateriell kulturarv i Norges Museumsforbund. Nordfjord Folkemuseum held fram med «Nordfjordbåtprosjektet», som legg vekt på samspelet mellom båtbyggjarar, museet og brukarane i arbeidet med vern og vidareføring av den immaterielle kulturarven knytt til den klinkbygde Nordfjordbåten. I 2019 er to av tre båtar klare og overført til Nordfjordbåtlaget. Båtane som er førte tilbake til lokalmiljøet gjennom Nordfjordbåtlaget er tekne i bruk.

Kunnskapsdeling og føredrag

I tillegg til den kunnskapsformidlinga som skjer gjennom utstillingar og omvising, held dei tilsette ved Musea i Sogn og Fjordane ein rekke føredrag, førelesingar og innlegg både i musea sin regi og for eksterne oppdragsgjevarar. Oppdragsgjevar kan vere lokale sogelag og foreningar, høgskular og universitet, andre museum, og offentlege etatar. Dei tilsette deltek òg på konferansar i inn- og utland. Føredraga handlar dels om tema som er knytt til musea sine vanlege formidlingstilbod og aktuelle utstillingar, dels om kompetanse som dei tilsette har utvikla gjennom eiga forskning og kunnskapsoppbygging gjennom fleire år. På denne måten er Musea i Sogn og Fjordane synleg også utafor dei formidlingsarenaene som musea sjølv rår over. Sjå eiga liste over tilsette sine føredrag.

Publikasjonar

Dei tilsette publiserer kortare og lengre tekster i fagtidsskrift og årbøker, så vel som vitskaplege artiklar. Til saman har Musea i Sogn og Fjordane 14 artiklar i 2019, på høgd med tal artiklar i 2017 men noko ned frå 2018. Av desse er fire fagfelleverderte vitskaplege artiklar, alle skrivne av Per Storemyr ved Norsk Kvernsteinsenter. Sjå eigen liste over publikasjonar.

De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum har i 65 år gitt ut Årbok for Sogn med ulike tema og populærvitskaplege artiklar. Her er artiklar om følgjande: 200 år sidan Sogn vart oppdaga av biletkunstnarane, dagleglivet på offisersgarden i Kroken, brennevinshistorie i Indre Sogn, om kunstmålarinna Frida Rusti, moderne samferdslehistorie m.m. Nordfjord Folkemuseum har det redaksjonelle ansvaret for den populærvitskaplege publikasjonen Jul i Nordfjord. Tilsette ved Musea i Sogn og Fjordane er og med i redaksjon for

høvesvis det lokalhistoriske tidsskriftet Heimen og i Norsk Museumstidsskrift, begge fagfelleverderte publikasjonar som er opent tilgjengelege på nett.

2.3 Formidling

Formidlingsaktivitetane ved Musea i Sogn og Fjordane er som nemnd omfattande, tilpassa avdelinganes ulike målgrupper og musea sitt særpreg. Nokre av musea er heilårsopne, medan andre er opne i ei avgrensa periode i sommarhalvåret. Formidlinga skjer både gjennom godt etablerte tilbod som følgjer året og i tilknytning til nye utstillingar, arrangement og aktivitetsdagar.

Avdelingane freistar å praktisere medvit om mangfaldsperspektivet i formidlinga. Fleire avdelingar har utvikla tilbod retta mot eldre, og då særleg eldre med demens, og det er dokumentert i eit forskingsprosjekt knytt til dette tilbodet ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane at slike kulturopplevingar kan ha stor helsefremmande effekt. Fleire av avdelingane har og formidlingsopplegg retta særleg mot innvandrarar, opplæringssentra og bebuarar på mottakssentre.

Ved Nordfjord Folkemuseum blei 2. etasje på Sydneshuset innreia slik at museet no kan presentere den nye buskikken som kom på 1900-talet. 2019 var første året med cruisehamn på Nordfjordeid, og i løpet av sommarsesongen var det ni dagar med cruisebesøk til Nordfjord Folkemuseum. Totalt var 2079 av dei besøkande gjestar frå cruiseskipa. Desse gruppene får omvising i friluftsmuseet. Ei gruppe med russiske journalistar og bloggarar har også vore på omvising. De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum hadde også fleire turistgrupper som besøkte museet regelmessig i 2019. Mellom anna kan nemnast den britiske turoperatøren Newmarket, som vitja museet om lag ein gong i veka frå april til midten av oktober. Dei deltok på eit dags program med *The historical highlights of Kaupanger*.

I 2019 heldt Kvernsteinsparken fram med skuleprosjektet der 7. klasse frå Hyllestad skule får eit 3-timars undervisningsopplegg i Parken kvar veke. Elevane utforskar den lokale historia, lærar om tradisjonelt handverk (kvernsteinshogging, smiing, kornmaling, matlaging, steinaldertechnikkar) og øver seg i å formidle det som dei har lært. På denne måten får elevane god stadkjensle, byggar lokal identitet, lærar praktiske ferdigheiter og blir flinke i å presentere for publikum. Elevane underviste i gamle handverksteknikkar når andre elevar frå nabokommunane besøkte Kvernsteinsparken i samband med DKS-programmet «tidskapselen». Dessutan fekk 6 elevar sommarjobb som formidlar i Kvernsteinsparken.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

Musea i Sogn og Fjordane har i nokre år hatt tilbod om eit felles formidlingsopplegg til Den kulturelle skulesekken kalla «Tidskapselen», retta mot 9. klassetrinn. Avdelingane har tilpassa opplegg til dei formidlingsressursane som er

tilgjengeleg, til dømes når det gjeld utstillingar og innhald i samlingane. Den kulturelle skulesekken er ein god måte for musea å nå ut med formidling også til dei skuleelevane som ikkje har eit museum i lokalmiljøet. På denne måten kan vi oppfylle ei viktig målsetting ved vårt samfunnsoppdrag.

Ved Nordfjord Folkemuseum har det og vore DKS-tilbod om «Byggeskikk» til 3. og 4. klasse og om «Båt i Gloppen» for 8. klasse.

Formidling til barn og unge

Utover det vanlege tilbodet til besøkande, har alle avdelingane faste tilbod til skular, barnehagar og dels andre grupper.

DHS-SOGN FOLKEMUSEUM

Skuleopplegg:

- Folketru og folkemedisin
- Vatn - den sterkaste drykken
- Eventyr, leik og dyr
- Haustarbeid på museumsgarden
- Ungdom og identitet
- Mat og magi
- Kyrkja i kulturen og samfunnet
- Jul, tru og tradisjon.

For barnehagane:

- Tre faste barnehagedagar kvar vår og enkelte andre opplegg.

For Høgskulen på Vestlandet:

- Opplegg for studieretningane historie, samfunnsfag, grunnskulelærarar, barnehagelærarar, PPU- og landskapsplanlegging

KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE

Skuleopplegg:

- Sildeflekking (februar/mars), 6. klasse
- Mat og helse: «Kosthald før», 9. klasse
- Båtar og leik, 3. klasse
- Potetåkeren (barnehagar/1.klassingar)
- Norsk olje- og gassproduksjon i Nordsjøen, i samarbeid med Flora ungdomsskule og Fjordbase, i modulen Engia med tema energi, på Newton-rommet i Florø.
- Førjulsbesøk, 4.-klasse
- Gamle Vågsberget, ungdomstrinnet
- Ungdom og identitet, VGS Barne- og ungdomsarbeidar II
- Båtar og leik, VGS Barne- og ungdomsarbeidar I
- Silda og havforskning, VGS Biologi 3.kl på studieførebuande linje.

Anna:

- Adventsaktivitetar for born søndagar før jul
- Julemarknaden i Florø sentrum ein søndag i adventstida.

NORDFJORD FOLKEMUSEUM

Nordfjord Folkemuseum har tilbydd 12 ulike undervisningsopplegg

- Tekstilarbeid (i samband med utstilling):
Tilbod til grunnskule
- Byggeskikk: DKS Gloppen 3. og 4. klasse
- Båt i Gloppen: DKS Gloppen 8. klasse
- På reise (i samband med utstilling): Tilbod til grunnskule og vidaregåande skule
- Bondesamfunnet: Tilbod til grunnskulen og vidaregåande skule
- Frå handemakt til elektrisitet: Tilbod til grunnskule og barnehage
- Tradisjonsbåt (i samband med Nordfjordbåtprosjektet):
Tilbod til grunnskule
- Alle gode ting av tre (i samband med utstilling):
Tilbod til grunnskule
- Tidskapsel: DKS Sogn og Fjordane 9. klasse
- Eplepressing: Tilbod til grunnskule
- Juletradisjonar: Tilbod til grunnskule
- Kjeldegransking: Tilbod til vidaregåande skule
- Tekstilarbeid: Nordfjord Folkehøgskule
- Byggeskikk: Nordfjord Folkehøgskule

Tilbodet om Tradisjonsbåt blei sendt ut til alle 6. klassane i Nordfjord, men grunna store kostnader knytt til transport valde vi å prioritere Selje og Gloppen dette året. Dei andre vil få tilbodet i 2020.

NORSK KVERNSTEINSENTER

Skuleopplegg:

- Ein dag på garden Myklebust: Handverk i vikingtida.
- Korleis overlevde dei i steinalderen? Elevane lærar om ulike steinaldertechnikkar.
- Den forsvunne fjellkjeda. Geologiekursjon om den spesielle geologiske arven i regionen.
- Kalknatt. Overnatte i Kvernsteinsparken og brenne kalk med heile klassen.

For barnehagen:

- «Trollskulen», førskuleungane kjem til Parken annan kvar veke for å gå på «Trollskulen», prøve ulikt handverk og bli kjent med kvernsteinshistoria.

SUNNFJORD MUSEUM

Faste skuleopplegg:

- Ein skuledag i gamle dagar
- Reise til gamle dagar – omvising og forteljing i museumstunet
- Jul i Movika
- Byggeskikk og kulturlandskap (vidaregåande skule)
- Spesielt tilrettelagde opplegg for ungdomsskule, asylmottak, norsksenter og United World College
- Formidlingsopplegg i samband med utstillingane

NORSK REISELIVSMUSEUM

- Postkortet si rolle i reiselivshistorikken. Elevane lagde eigenkomponerte postkort og presenterte desse for kvarandre.

SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM

- Omvising for grupper og skuleklassar ved alle avdelingar, tilpassa dei ulike utstillingane.

2.4 Fornyng

Det mest omfattande fornyingsarbeidet i Musea i Sogn og Fjordane i 2019, er knytt til arbeidet med ny organisasjonsmodell, samt dei tilhøyrande arbeida med kvalitetspolitikk og kompetansestrategi. Dette har vore krevjande prosessar, der mange tilsette har vore involvert og der mange omsyn har vore med i vurderingane. Fornyng av organisasjonsmodellen, som vart vedteken av styret for Musea i Sogn og Fjordane 1. oktober 2019, har ikkje vore eit mål i seg sjølve, men vert sett som eit viktig tiltak for å kunne halde fram med å utvikle musea, jobbe målretta, utnytte ressursane betre og vere betre budd på dei økonomiske utfordringane som mange konsoliderte museum allereie har merka effekten av. For at musea skal kunne ha ei aktiv samfunnsrolle og spegle samfunnet, delta i demokratiprosessane og reflektere eit mangfald av perspektiv og røyndomar, slik forventningane frå styremaktene vert uttrykt, er det naudsynt å ha eit økonomisk handlingsrom for å kunne prøve ut nye formidlingsopplegg, sette av tid til kunnskapsutvikling, og jobbe med strategisk målgruppearbeid framfor å jakte på reine besøkstal aleine.

Ved opninga av utstillinga «Lysglimt – en hyllest til en mor» av Beate Einen, prøvde Sogn og Fjordane Kunstmuseum ut nytt kommunikasjonsmedie der intervju av kunstnaren med Hans Jacob Reite og heile utstillingsopninga vart strømmen på Facebook. Museet har også oppretta eigen kanal for video på Vimeo. Fleire av utstillingane til museet er publisert på Digitalt Museum.

Norsk Kvernsteinsenter har ei leiande rolle i prosjektet «UNESCO Global Geopark i HAFS». Etter at Kvernsteinsenteret skrev ein forstudie, satsa HAFS-Regionråd på eit forprosjekt som Kvernsteinsenteret fekk leie. Forprosjektsrapporten vart utgitt i oktober. For Kvernsteinsparken og heile HAFS-regionen vil ein UNESCO Geopark bety eit stort løft og føre til fleire besøkjande.



*Takarbeid på husmannsplassen,
Sunnfjord Museum, september 2019*
©MiSF



*Smikurs med smeden Kjetil Torvund i
Kvernsteinsparken. ©Mal Dickson*

3. Besøkstal

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane hadde ein nedgang i tal besøkande i 2019 på 10,5%, som gjev eit samla besøkstal på 57.540 gjester.

Nedgangen kjem av mindre besøkande i sommarsesongen og ein liten nedgang i vintersesongen samanlikna med 2018. I skuldersongen opplever vi ein auke i det samle besøkstalet, samanlikna med 2018.

Vi har den største nedgangen i perioden juni-sept, her opplever vi heile 16% færre besøkande samanlikna med 2018. Vi har dei siste åra opplevd ein vekst i sommartrafikken og ser at vi i 2019 truleg «tapar» mot det tradisjonelle reiselivet. Vi har og tidlegare hatt reduksjon i besøkstala i sommarsesongen (sjå graf) men da kunne vi knytte dette til nedgang i overnattingsdøgn i regionen, dette kan vi ikkje i 2019. Da var det i Sogn og Fjordane ein auke i gjestedøgn og framleis ein god vekst for reiselivet. Vi har ikkje analyser som viser kvifor musea opplever nedgang, men vi meiner det er stadig viktigare med fokus på marknadsføring slik at vi er synlege, og ikkje minst må vi ha tilbod som vert etterspurt blant turistane.

Det er framleis store variasjonar i besøkstalet mellom besøksstadane våre, som viser at det er muleg å hente ut ein ytterligare vekst i åra som kjem. I strategiplanen er målsetnaden 5% årleg vekst, dette trur vi vert vanskeleg å nå i 2020 grunna utbrotet av covid-19, og det vil truleg og ha negativ effekt i 2021. Vi ser at vi i tidlegare år har hatt svigningar i besøkstala (sjå graf under), så dette er ikkje dramatisk for MiSE, vi har tru på at etter at korona-situasjonen har lagt seg, vil det vere muleg med vekst i besøkstala.

Også i år har Musea i Sogn og Fjordane hatt DKS-tilbod for alle elevar i 9.klasse. Tilbodet «Tidskapselen» gjeld heile fylket. 1.347 elevar i 9 klasse og lærarar har fått tilbod om å delta på DKS-opplegg ved våre museum i løpet av skuleåret 2018/2019.

Nordfjord Folkemuseum har hatt ein auke i tal på besøkande på heile 19%. Hovudårsaka til dette er at dei har fått fleire gruppeutflykter i samband med den nye cruisehamna på Nordfjordeid. Grunna covid-19 er det spanande å sjå om det vert anløp i 2020 på Nordfjordeid.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde ein auke i besøkande i 2019 på 11%. Dette kjem i hovudsak av fleire arrangement og aktivitetar samanlikna med 2018, og auka satsing på marknadsføring.

Både Astruptunet og Eikaasgalleriet hadde ein liten nedgang i besøkstala, mykje av årsaka til dette ligg i flaumen som var

30.juni. Flaumen medførte at musea vart delvis stengd. Etter at musea opna igjen var fleire framleis redde for å ferdast i området. Dette gjorde og at fleire grupper kansellerte.

Hausten 2019 var og Astrupfilmen «Flammen over Jølster» lansert med førpremiere på Skei Hotel. Fleire skodespelarar og Nikolai Astrup sin son var tilstades i tillegg til ein rekke andre bidragsytarar, samla over 500 personaar. Filmen vart sett av 25.693 på kino i Noreg, den vert og etter kvart vist på NRK, og det vert og jobba med lansering i utlandet. I samband med filmen var og NRK med programmet Norge nå var på tunet 22.oktober, og det vart sendt direkte på NRK. Temaet her var å finne ut korleis Astrup fekk inspirasjon frå naturen i Jølster, og korleis han har prega bygda fram til i dag. Vår avdelingsleiar Solveig Berg Lofnes vart intervjuva under sendinga ilag med andre Astrup kjennarar. Vi er spent på kva effekt dette vil gje i besøkstala framover på Astruptunet.

2019 var det siste året vi hadde driftsansvar for Anders Svor Museum grunna kommunesamanslåinga mellom Hornindal og Volda. Museet hadde ein fin vekst med 25% i 2019 som kjem av fleire arrangement og auka marknadsføring.

Sogn Kunstsenter hadde ein god vekst på 17% grunna meir formidling til skuleklassar samanlikna med 2018, samt meir fokus på å vere synlege.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane hadde ein nedgang på 18%, dette skuldast i hovudsak at dei i 2018 deltok med Haugefisk på Fjordsteam i Bergen, der vi hadde formidlingsopplegg om bord. Dette var inkludert i dei gode besøkstala for Kystmuseet for 2018, så det er ikkje overraskande med ein liten nedgang i 2019. Avdelinga har hatt DKS opplegg med Haugefisk til 9. klasse som var veldig populært. Dei andre DKS opplegga vart utsett til våren 2020, noko som og er med og forklarar nedgangen i besøkstala.

Norsk Reiselivsmuseum hadde ein nedgang på 32%, dette kjem truleg av interne forhold som gjorde at ein ikkje fekk førebudd sesongen skikkeleg. I tillegg hadde vi mindre grupper og færre event i samarbeid med Kviknes. Det må likevel nemnast at i samband med den nasjonale brukarundersøking, hadde vi særst høg score på kundetilfredshet og opplevinga av museet (høgare enn nasjonalt snitt). Dette er særst gledeleg, og viser at museet har større potensiale enn det ein har vist til no. Vi har elles utvikla eit godt samarbeid med lokale reiselivsaktørar, som vert jobba vidare med for 2020.

De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum har og ein nedgang på i overkant av 20%. Det meste av nedgangen er

blant gruppebesøk. Gruppene har vore mindre, samt at dei har miste nokre av dei faste gruppene. Til sesongen i 2020 vil dei satse meir på å auke kjennskapen til museet hos dei som jobbar i fyrstelinja i reiselivet i heile Sogneregionen.

Kvernsteinsparken har om lag same besøkstal som i 2018. Talet for individuelt besøkande er forholdsvis konstant, men dei skulle gjerne hatt fleire grupper. I fjor hadde dei færre DKS-elevar pga. at fleirtalet var med Haugefisk ved Kystmuseet. Dei har framleis eit godt lokalt samarbeid med skulane som bruker dei jamt.

Sunnfjord Museum hadde og ein nedgang i besøkstala, på 25%, i hovudsak er det frå vaksne individuelle dei opplever nedgang. Truleg kjem noko av nedgangen av flaumen og ras i området i slutten av juli månad. Samtidig er det gledeleg med omlag 1000 fleire betalande. Dette gjev ei god tilbakemelding frå dei besøkande på arrangement og andre tiltak det er jobba med ved museet.

I den nasjonale brukarundersøkinga til Kulturrådet, hadde vi dessverre få svar men vi fekk gode tilbakemeldingar pålag på same nivå som det nasjonale snittet på det som går på kundetilfredshet. Vi vil jobbe for å auke svarprosenten i 2020. MiSF nyttar felles rapporteringsskjema for besøkande med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk Kulturråd. Besøkande som berre nyttar musea sine kafétilbod og friluftsområde til rekreasjon, er ikkje registrert i besøksstatistikken. Som ein del av evalueringa av sesongen 2019, så ser vi at det truleg er grunnlag for ei auka form for standardisering internt når det kjem til registrering av besøkande. Dette vil vi sjå nærare på framover.

Presse/media

I strategiplanen for 2018-2021 har vi sett mål om 100 nyhendeoppslag i året. For 2019 har vi totalt presseoppslag på 249 nyhendeoppslag samla for radio/aviser. Lokale aviser og etermedia brukast ofte/flittig i samband med arrangement, utstillingar og andre ting som skjer på musea.

Fleire av avdelingsdirektørane har vore i lokal og nasjonal radio, som fagpersonar eller i samband med høgtider og norske tradisjonar.

Marknadsføring

Felles marknadsføring av Musea i Sogn og Fjordane er framleis i startfasen, men vi har no hatt felles brosjyre for sesongen i fire år.

I 2019 hadde vi 72.700 økter samla ved alle nettstadene til Stiftinga og om lag 10.780 følgjarar på alle ni Facebooksidene. Begge tala er stadig i vekst. Vi forventar og vidare auke når vi har gjennomført den visuelle profilprosessen i 2020. MiSF si nettside og felles Facebookside er administrert av marknadskonsulenten og avtalane med destinasjonsselskapa er koordinert for å få stordriftsfordelar. Vi har godt samarbeid med destinasjonsselskapa i regionen, og vi har starta arbeidet med

å utvikle nye produkt for turistane. I 2018 lanserte vi eit felles museumsspass, med den hensikt å spreie å auke tal besøkande til våre museum, dette fortsett vi med i 2020 og.

Marknadsføring i samband med arrangement og utstillingsopningar i MiSF er kvar enkelt avdeling sitt ansvar. Det skjer gjennom bruk av sosiale media, regional og lokal presse, nettstader og ulike samarbeidspartar. Alt av arrangement, utstillingar og aktivitet er styrt av avdelingane, og det er i dag inga koordinering mellom dei ulike arrangementa.

Turoperatørar


Vi deltok i 2019 for tredje gong på Norwegian Travel Workshop (NTW), og hadde fleire gode møter med både incoming operatørar og turoperatørar. Grunna nye cruisedestinasjonar i fylke opplever vi og auka interesse for musea blant cruiseoperatørane.

Frå deltaking på NTW 2019. ©MiSF



BESØKSSTAD	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Anders Svor Museum	1 190	758	491	774	688	863
Astruptunet	2 947	3 001	4 505	4 793	4 311	3 429
Eikaasgalleriet	999	1 113	1 744	1 866	1 161	1 078
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	9 837	8 231	6 265	7 949	10 781	8 803
Nordfjord Folkemuseum	7 716	9 352	9 611	8 817	6 335	7 537
Norsk Kvernsteinsenter	944	2 403	2 332	3 243	3 141	3 072
Norsk Reiselivsmuseum	0	0	5 509	5 881	7 318	4 948
Sogn Folkemuseum	13 774	13 810	17 777	18 036	17 365	15 511
Sogn Kunstsenter	1 915	5 779	533	511	522	610
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	9 644	8 061	7 081	6 926	6 171	6 845
Sunnfjord Museum	9 123	8 576	7 966	8 034	6 501	4 844
SUM PR. ÅR	58 089	61 084	63 814	66 830	64 294	57 540

BESØKSTALUTVIKLING MISF



Frå standen til MiSF på Rekrutteringsmesse 2019 @MiSF

4. Lister

4.1. Opne publikumsarrangement

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

23.01.19	Marianne Jevnaker: Om Vitensenteret på Kaupanger
24.01.19	Temamøte Humanetisk forbund v/Gry Tokvam
02.02.19	Museums-søndag: Tema: Ver og vårteikn
20.02.19	Asbjørn Kristoffersen: Nye Vestland og gamle vestlendingar
20., 21. og 22.02.19	Vinterferieaktivitetar på museet: Fuglekasselaging, soger/segner, oppgåver, spel, høns og egg
27.02.19	Hege-Beathe Weum-Andersen: Klede, miljø og kreative løysingar
03.03.19	Museumssøndag: Fastelaven
07.03.19	Marie Pettersson: Foredrag om insektshotell
19. og 21.02.19	Gjenbruk: Kurs i møbeltapetsering
20.03.19	Songkveld med den gamle songboka
23.03.19	Konsert på Elvhaug
25.03.19	Kurs i beskjerjing av prydbusker
07.04.19	Museumssøndag: Snart påske
24.04.19	Historieforteljing i fortid, notid og framtid
29.04.19	Gunnstein Akselberg: Dialektar, sosiolektar og geolektar
25.05.19	Songarstemne
01.06.19	Hagedag: Nye trendar i hagen/kjøkenhagen
19.06.19	Museumsonsdag
23.06.19	Friluftsgudstenese m/kyrkjekaffi og jonsokmarkering
26.06. og 03.07.19	Museumsonsdag
10.07.19	Museumsonsdag m/tema slåttedag
17., 24. og 31.07.19	Museumsonsdag
07. og 14.08.19	Museumsonsdag
08.09.19	Familiedagen
10. og 11.09.19	Kurs i vindaugsrestauring
17.09.19	Ove Eide: Land og lynne
10. og 11.10.19	Haustferiedagar på museet. Tema: Potet og korn
23.10.19	Per Stensland: Prioriteringar i helsestellet
06.11.19	Utviklingstrekk av arbeidsplassar i nye Sogndal kommune
27.11.19	Geir Vetti: Om restaurering av Skåri og bruk av sherparar Bokslepp av boka Husa våre, av Kolbjørn Nesje Nybø
04. og 09.12.19	Førjulskveld
11.12.19	Sylfest Lomheim: Tale er gull. Utfordringar og konsekvensar i kommunikasjon mellom menneske der teknologi spelar ei stadig større rolle

Norsk Kvernsteinsenter

18.05.19	Sankekurs med Ingvild Kjosnes og Anne Berit Garnes
15.06.19	Klebersteinskurs med Florian Peteranderl
22.06.19	Kvernsteinsmarknad med pub-kveld og konsert
26. - 30.06.19	Hyllestadseminar: Kalknetter. Nasjonalt seminar med foredrag, brenning av kalk i storomnen, østersbrenning, lagning av kalkskulptur, demonstrasjon av kalkmaleri
10. - 13.07.19	Seilas med Bakkejekta Hyllestad - Selje og tilbake for å transportere brent kalk
22. - 26.07.19	Diverse smikurs med Bruno Staub
16.08.19	Open airkino
18.08.19	Familiesøndag

Nordfjord Folkemuseum

27.01.19	Museums-søndag: Strieskjorta og havrelefsa
24.02.19	Museums-søndag: Tekstiljenbruk v/ Ingrid Vik Lysne
24.03.19	Museums-søndag: På reise
27.03.19	Folkemøte kulturminneplan Gloppen
31.03.19	Årsmøte Nordfjord Sogelag
28.04.19	Museums-søndag: Båt
12.05.19	Museums-søndag: Bunad
21.05.19	Bokslepp: Evebøfoss
23.06.19	Museums-søndag: Alle gode ting av tre
10.07.19	Familiedag
14.07.19	Bluegrasskonsert Norsk Countrytreff
25.08.19	Støylsdag
04.09.19	Vandrekonsert Gloppen musikkfest
22.09.19	Markering av verdsdag for psykisk helse
27.10.19	Museums-søndag: Tradisjonsmat
29.10.19	Bokslepp: Gloppen og glopparane
10.11.19	Lansering Jul i Nordfjord og Juletreutstilling
01.12.19	Julemarknad



Den 16.mai, på Florø By sin gebursdag, markerte Kystmuseet at Brendøya-prosjektet var gjennomført, og eit konstruktivt samarbeid mellom Sogn og Fjordane Fylke, Flora Kommune og museet var vel i hamn. Flora-folk og gjestar gler seg over eit unikt friluftsområde som no er gjort tilgjengeleg for alle, med formidling av natur og kulturminne. @Linda Regina Bruvik.



Brent Hyllestadkalk blir segla med Bakkejekta til Selje for å restaurere Selja kloster, Kvernsteinparken. ©MiSF

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

20.02.19	Vinterferieaktivitet. Dinosaurdag for familiar i Snorreankeret
28.02.19	Museumstorsdag. Tema: Norsk petroleumsproduksjon i Snorreankeret
13.03.19	Temakveld om smiing av sverd i vikingtid ved Fylkesarkeolog Eva Moberg
14.03.19	Museumstorsdag. Tema: Norsk petroleumsproduksjon i Snorreankeret
29.03.19	Opning av kunstutstillinga "Mjukt og hardt" skulptur, Vilde og Geir Hjetland. Samarbeid med Flora Kunstlag
11.04.19	Museumstorsdag. Tema: Det store silde-eventyret. Omvisning på Bataldenbua
09.05.19	Temakveld om Sunnfjordbunaden ved Gunnhild Systad
16.05.19	Museumstorsdag. Tema: Florø by
16.05.19	Offisiell opning av Brendøya v/Ordførar og Kultursjef
24.05.19	Opning av utstilling av Britt Smelvær "Eg kjem jo eigentleg derifrå eg"
25.05.19	Kunstnarsamtale i utstillinga
22.06.19	Sankthansfeiring og ope museum på Vågsberget
02., 09. og 16.07.19	Barnas Kystmuseum
18. og 21.07.19	Forbundet Kysten sitt landsstevne i Trondheim. Open båt med omvisning på Haugefisk
23. og 30.07.19	Barnas Kystmuseum
13.08. - 15.08.19	"Kystsommarleik" Aktivitetskule for born 9 - 12 år
28.08.19	Museumstorsdag. Tema: Kunstutstillinga
08.09.19	Kystdagen. Familiearrangement i samarbeid med 4H
19.09.19	Museumstorsdag. Kystbonden, innhausting
08.10.19	Potetferieaktivitetar
10.10.19	Potetferieaktivitetar og Museumstorsdag
22.11.19	Opning av Juleutstillinga 2019. Samarbeid med Flora Kunstlag.
28.11.19	Museumstorsdag. Tema: Juleutstillinga
01.12.19	Konsert med Ola Bremnes og Ida Larmo
01., 08. og 15.12.19	Juleverkstad for born
14.12.19	"Jul i by`n". Spikkeverkstad og museumsbutikk på julemarknaden i Florø
29.12.19	Romjulsconcert med Andreas Løken Taklo og Iver Bakke Nydal

Norsk Reiselivsmuseum

14.09.19	Balestrand Opp!
20.12.19	Julekonsert



*Slåttestedag 2019 ved DHS-Sogn
Folkemuseum. @MiSF*



*Sesongopning med navngjeving
av museumsgeitene Ulla, Rulla
og Ullhår ved Sunnfjord Museum.
@MiSF*

Sunnfjord Museum

03.02.19	Litterær konsert med Sigmund Løvåsen og Frode Haltli
18. og 19.02.19	Vinterferieaktivitetar
02.06.19	Sesongopning
23.06.19	Jonsokfeiring med bluegrasskonsert
07.07.19	Konsert, Førdefestivalen, Vassvik
18. og 28.07.19	Familieomvisning
28.07.19	Olskokmesse i Sersjantløa
11. og 15.08.19	Familieomvisning
02.09.19	Sesongavslutning
07 og 08. 09.19	Husflids- og handverksmesse
22.09.19	Handarbeidskafe med Birger Berge
29.09.19	Utstillingsopning: «Sjå, eg kjem snart» Bilete frå Bedehusland
07. og 08.10.19	Hautferieaktivitetar
17.10.19	Foredrag: Bedehusland med Erlend Berge
24.10.19	Foredrag: Liv til gamle møblar ved Christopher Knag
27.10.19	Museums-sundag: Folketru, tussar og troll
10.11.19	Sundagsopen utstilling
17.11.19	Fødragskveld med Fortidsminneforeningen
24.11.19	Utstillingsopning, Pepperkakebygda 2019
01. og 08. 12.19	Sundagsope pepperkakebygd
15.12.19	Sundagsope pepperkakebygd med ”ljós i gamle hus”

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

01.02.19	Eikaasgalleriet: Kulturminnekveld i samarbeid med Rom for ord.
23.02.19	Kunstmuseet: Opning av glasinstitallasjonutstilling «Lysglimt-en hyllest til en mor» av Beate Einen. Opna av Anne Britt Ylvisåker, førstekonservator ved KODE. Underhaldning av kvinnekoret Kvitre.
16.03.19	Kunstmuseet: «Hundre års mangfald – Norske grafikkarar 100 år» Opning ved biletkunstnar Karen Helga Maurstig.
23.03.19	Eikaasgalleriet: Opning av utstillinga «Stort hol i – Astrup bilæte» Ludvig Eikaas og Nikolai Astrup Opningstale ved Magni Øvrebotten og musikalsk innslag ved Indre Sunnfjord Spelemannslag.
06.04.19	Kunstmuseet: Pianokonsert med fylkesmusikar Jon Kristian Bye i utstillinga «I naturen».
11.04.19	Eikaasgalleriet: Målarkurs med Elsa Norunn Håheim Nydal i regi av lokal skulesekk.
Påska:	Eikaasgalleriet: To offisielle omvisingar i utstillinga «Stort håll i Astrupbilæte» med avdelingsleiar Solveig Berg Lofnes.
27.04.19	Kunstmuseet: Opna utstillinga «Bernt Tunold – ein eld som aldri slokna». Opna av forfattar og gjestekurator for utstillinga Jan H. Landro.
30.04.19	Kunstmuseet lunsjforedrag «Kunst i kvardagen»: 'Om å vise omsorg i det kulturelle rom' ved May Elin Eikaas Bjerck («Plassdannelsen i Regjeringskvartalet» / Y-blokka).
17.05.19	Kunstmuseet: Utstillingane opne for publikum. Gratis inngang.
22.05.19	Astruptunet: Utstillinga «Gårdshagen» opna av kommunaldirektør i Førde, Trond Ueland.
05.06.19	Astruptunet og Eikaasgalleriet: Omvising i utstillinga for formidlingsavdelinga ved KODE Bergen. Astrupsenteret ved KODE inviterte publikum til å komme på Eikaasgalleriet mellom 15-19, med Astruprelaterte ting, med ynskje om fotografering/scanning.
24.05.19	Kunstmuseet og kafé Sobra: Kultur natt. Arrangement i heile huset, konsert og teater.
14.06.19	Kunstmuseet: Filmvisning i Kunstmuseet i forbindelse med SoFjoPride.
15.06.19	Sogn Kunstsenter: Opning av utstillingane: «Husa hjå Hans Gjesme» og «Hemmelege hus» med Veslemøy Sparre Jansen.
22.06.19	Anders Svor Museum: Sesongopning, tale ved Hanne Storm Ofteland og ordførar i Hornindal Stig Olav Lødemel.
05.07.19	Kunstmuseet: Festivalkonsert i Høgsalen.
04.08.19	Anders Svor Museum: Kulturpreike.
17.08.19	Kafe Sobra: Intimkonsert med Øyvind Selvik og Frida Leknes.
31.08.19	Kunstmuseet: Opning av Vestlandsutstillingen, samarbeid med Sunnfjord kunstlag.
27.09.19	Astruptunet: Pressevisning i samband med lansering av filmen om Astrup.
22.10.19	Astruptunet: Sending frå Astruptunet i NRK-serien «Norge nå».
02.11.19	Kunstmuseet: Opning av utstillinga «Biophilia hypothesis» med Karina Siegmund.
08. og 09.11.19	Anders Svor Museum: Konsertar i samband med Kultur natta/Frivillegsentralen.
09.11.19	Kunstmuseet: Konsert med dei nye distriktsmusikarane Ole Nilssen og Ingrid Schei Stuhaug, i samarbeid med Førde kulturskule.
21.11.19	Kunstmuseet: Boklansering av Oddvar Torsheim si nye bok «Ulyzes», Skald forlag.
23.11.19	Kunstmuseet: Ope juleverkstad for born til pynting av kunstmuseet sitt juletre.
23.11.19	Eikaasgalleriet: Bokdag i samarbeid med Jølster mållag.
24.11.19	Kunstmuseet: Litterær feststund med Fløgstad, Fliflet og Yttri, samarbeid Rom for ord.
30.11.19	Kunstmuseet: Opning av samlingsutstillinga «Talande ting», Ingrid Norum.
04.12.19	Anders Svor Museum: Nøkkeloverrekkelsesermoni til Sunnmøre museum.
05.12.19	Kunstmuseet: Julekonsert med distriktsmusikarane Noemi Utasi og Christine Marøy.
12.12.19	Kunstmuseet: NRK Sogn og Fjordane med solist Ola Wahl Skram + barnekor spelte inn Sogn og Fjordane sangen i våre lokaler/trappa.

4.2. Utstillingar

Nordfjord Folkemuseum

24.09.18-10.03.19	Tekstilarbeid - frå fiber til tråd
20.03.19-02.06.19	På reise (samarbeid med Eid vgs)
23.06.19-vinter 2020	Alle gode ting av tre
10.11.18-13.01.19	Juletreutstilling
Sommar 2019	Studiemagasin
Sommar 2019	Interiørutstilling i friluftsmuseet
Vinter 2019	juleinteriør i friluftsmuseet

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

29.03.2019 - 28.04.19	Vilde og Geir Hjetland "Mjukt og hardt" i samarbeid med Flora Kunstlag.
23.05.-29.08.19	Britt Smelvær "Eg kjem jo eigentleg derifrå eg. Omkring båten hans far". Samarbeid med Flora Kunstlag
23.06. - 19.08.19	Utstilling på Vågsberget. "Kring Nordsjøen" fotografi av Einar Seim
22.11. - 08.12.19	Juleutstillinga 2019. Samarbeid med Flora Kunstlag

Sunnfjord Museum

02.06.19 -02.09.19	Aktivitetsutstilling
29.09.19 - 15.11.19	Sjå, eg kjem snart! Bilete frå Bedehusland
24.11. -20.12.19	Pepperkakebygda 2019

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

23.02. - 07-04.20	Kunstmuseet «Lysglimt – en hyllest til en mor» glasinstallasjon, Beate Einen
16.03. - 08.03.20	Kunstmuseet «Hundre års mangfald» Samlingsutstilling, Norske grafikere 100 år
23.03. - 06.10.19	Eikaasgalleriet «Stort hål i - Astrup bilete» Ludvig Eikaas og Nikolai Astrup
27.04. - 18.08.19	Kunstmuseet «Bernt Tunold – ein eld som aldri slokna» Måleri
22.05. - 15.09.19	Astruptunet «Gårdshagen-Nikolai Astrup»
22.06. - 26.08.19	Anders Svor Museum Eiga samling
31.08. - 29.09.19	Kunstmuseet Vestlandsutstillingen 2019
02.11. - 02.02.20	Kunstmuseet «Biophilia hypothesis» tekstil, Karina Siegmund
30.11. - 31.12.20	Kunstmuseet «Talande ting» Samlingsutstilling



*Frå samlingsutstillinga
Talande Ting ved Sogn og Fjordane
Kunstmuseum.. @MiSF*



*Den viktige koblinga mellom
kultur og helse er i fokus i
kommunen si omsorgstjeneste.
I skulpturutstillinga til to blad
Hjetland på Kystmuset i vår, var
det mange inntrykk å ta inn, og
kjekt å dele opplevingane i eit
godt fellesskap på Dag-avdelinga.
©MiSF*

4.3. Publikasjonar

Fagfellevurderte, vitenskaplege publikasjonar

- Bjørkeland, T., Herdlevær, E. S., Karlsen, T. K. T. & Storemyr, P.: Kvernstein i Hyllestad – gull av «gråstein». Lite utforskede lokaliteter under vann. Sjøfartshistorisk Årbok 2018, Bergen, 108-125
- Storemyr, Per: Stein til restaureringen av Nidarosdomen. I: Ekroll, Ø. (red.) Katedralbyggerne. Nidarosdomens gjenreisning 1869-2019. Museumsforlaget, 164-187.
- Storemyr, Per: Chert extraction: Documentation and fire-setting experiments. In: Niemi, A.R. (ed.), Chertbruddet i Melsvik. Undersøkelse av chertbrudd, utvinningsteknologi og bosetningsspor fra tidlig eldre steinalder i Melsvik, Alta, Finnmark. Tromsø, 50, 126-153.
- Storemyr, Per: Baker Memorial Lecture 2017: Nidaros – The Portland cement cathedral. The Journal of the Building Limes Forum, 25, 22-27.

Populærvitenskaplege publikasjonar

- Avdem, Anna Jorun: «Marta Vigdal, sognejente som kom i lesebøkene. Årbok for Sogn 2019
- Berger, Ingrid: «Om førindustrielt tekstilarbeid – frå fiber til tråd», Jul i Nordfjord 2019, NFM
- Engesæter, Aage: «Då kunstnarane oppdaga Sogn og nasjonalromantikken vart fødd». Årbok for Sogn 2019
- Felde, Eva Marie: «OL på Lillehammer inspirerte til utstilling om kystkvinnene», Jul i Nordfjord 2019, NFM
- Felde, Eva Marie: «Den siste ljåsmeden i Hornindal», Jul i Nordfjord 2019, NFM
- Felde, Eva Marie: «Kjersti skildra Sandane sitt eksotiske mikrokosmos», Jul i Nordfjord 2019, NFM
- Moe, Anne Kristin: «Grøn og glitrande», Jul i Nordfjord 2019, NFM
- Moe, Anne Kristin: «Byggeskikk i Nordfjord», Jul i Nordfjord 2019, NFM
- Norum, Ingrid: Hus hjå Hans Gjesme : Verk frå samlinga : 15. juni-11. august 2019 (Vol. Nr. 1, 2019, Myndir (trykt utg.)). Førde: Sogn og Fjordane kunstmuseum.
- Norum, Ingrid. (2019). Talande ting : stilleben og kunsthåndverk frå samlingane: Sogn og Fjordane Kunstmuseum 30.11.2019 - medio 2021. (Vol. Nr. 2, 2019, Myndir (trykt utg.)). Førde: Sogn og Fjordane kunstmuseum.
- Rüttimann Storemyr, Franziska: UNESCO Global Geopark i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Sunnfjord. Kvernsteinsparkens skrifter 5

4.4.Føredrag

Berger, Ingrid:

«Tekstilproduksjon i Nordfjord» Museumssøndag Nordfjord Folkemuseum, 27.01.19

Moe, Anne Kristin:

«Holvikejekta – statuer per i dag» Årsmøte Nordfjord Sogelag, Sandane, 31.03.19

«Korleis forvalte ein folkekultur» Landsmøte Norges museumsforbund, Haugesund, 03.04.19

«Påsketradisjonar» NRK SF, Førde. (intervju), 11.04.19

«Nordfjordbåtprosjektet» Lom, Norges museumsforbund, 17.09.19

Storemyr, Per:

Tradisjonell kalkbrenning. Foredrag, Hyllestad sogelag, Hyllestad, 4.4.2019.

Strukturgeologi og forvitring av bergkunst. Eksempler fra Vingen, Ausevik og Kåfjord. Foredrag,

Seminar om bergkunst, Riksantikvaren og Universitetet i Bergen, Flora og Bremanger, 13-15 mai 2019.

Fra forvitring til bevaring av bergkunst: Overvåking som alfa og omega. Foredrag, Seminar om

bergkunst, Riksantikvaren og Universitetet i Bergen, Flora og Bremanger, 13-15 mai 2019.

Frå bygging av kalkomn til sal av kalk. Foredrag, Hyllestadseminaret 2019, del av "Kalknetter

i Kvernsteinsparken", Norsk Kvernsteinsenter, Hyllestad, 28.6.2019

Klebersteinens kulturhistorie. Mangfold og likhet på fire kontinenter (Europa, Asia, Afrika, Nord-Amerika).

Foredrag, Bergverksseminaret, Norsk Bergverksmuseum/ Gudbrandsdalsmusea, Otta, 18-19.9.2019

Steinvandring – En vandring fra Sakshaug gamle kirke til steinbruddene for kirka. Sakshaug gamle kirke 835 år,

jubileumsarrangement, Fortidsminneforeningen, 27.9.2019

Stein på Sakshaug gamle kirke. Foredrag, Sakshaug gamle kirke 835 år, jubileumsarrangement, fagseminar,

Fortidsminneforeningen, 28.9.2019

Kalkbrenning i øst og vest. Produksjon og testing. Foredrag, Seminar for ruinmurere, Domkirkeodden, Hamar,

Anno Museum og Riksantikvaren, 6-8.10.2019

Rüttimann, Franziska:

Formidling av stein og gamle steinbrudd i Kvernsteinsparken i Hyllestad. Foredrag, Seminar for arkeologiformidling, Jernaldergarden, Arkeologisk Museum Stavanger, 15.2.2019

UNESCO Global Geopark prosjekt i HAFS. Presentasjonar for fylkeskommunen, kommunar og diverse aktørar.

Walle, Thomas Michael:

«Hvem eier de lokale fortellingene –og må de det? Veldig små og veldig store migrasjonsfortellinger samlet i et krus», innlegg på Det nasjonale museumsmøtet, Norges museumsforbund, Haugesund 4.4.2019

«Strategi, samarbeid og faglighet: Eksempler fra Musea i Sogn og Fjordane», innlegg på strategiseminar i Museet Midt, Røyrvik 8.4.2019

«Menn i en etnisk minoritetskontekst: Tap av mannlighet eller nye maskuliniteter?», innlegg på Inkluderingskonferansen, Florø, 10.4.2019

«Om den privilegerte posisjonen og utenforskapet», innlegg under Festspillene i Nord-Norge, Harstad 28.6.2019

«Utenforskap: Individuelle erfaringer, strukturelle problemer?», panelsamtale med Fanny Duckert og Kaveh Rashidi under Kulturrådets årskonferanse, Trondheim, 22.10.2019

«Outreach / Audiences / Participants», moderator for panelsamtale under Nordic Dialogues, avslutningskonferansen til prosjektet Inkluderende kulturliv i Norden, Oslo 2.12.2019

5. Kunstsenterfunksjonane i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane ved avdeling Sogn og Fjordane Kunstmuseum har sidan 2003 hatt avtale om ivaretaking om kunstsenterfunksjonane i Sogn og Fjordane. I 2018 vart den gamle avtala reforhandla. Vi er den einaste kunstmuseet i landet som har ein slik avtale med kunstsentera.

Kunstsentera sitt samfunnsoppdrag er å stimulere til allmenn forståing for, auka kunnskap om, og auka bruk av biletkunst og kunsthandverk, samt å vere sentrale visningsstader for biletkunst og kunsthandverk, og har viktige oppgåver som regionale kompetansesenter for kunst i offentleg rom.

Gjennom kunstsenterfunksjonane har MiSF gjennom året 2019 gjennomført følgjande:

1) Ressursenter for biletkunstnarar og kunsthandverkarar

- Kunstnarane står fritt til å bruke SFKM's kunstfaglege bibliotek. I 2019 vart det registrert i underkant av 250 titlar i bibliotekets online database: <https://www.librarything.com/catalog/SFKM>. (Samlinga omfattar rundt 2000 titlar totalt, samt ei stor tidsskriftssamling.)
- SFKM vidareformidlar informasjon om utstillingsmoglegheiter, stipend, utsmykkingsoppdrag, kuratoroppgåver, samt all informasjon frå KiN ut til medlemane av kunstnarorganisasjonane (ca. 50 e-postar pr. år).
- SFKM har styrke annonseringa i relevante fagmedier (Billedkunst, Kunsthandverk, m.m. for å synleggjere kunstnaranes utstillingar nasjonalt).

2) **Utstillingar / Medlemsutstilling**

Det var for kort tid til å sette i gang med «medlemsutstillingar» all den tid avtala vart underteikna i desember 2018, men Karina Siegmund er medlem av NKVN, so dette punktet kan seiast å vere dekt.)

SFKM synte 3 utstillingar med samtidskunstnarar i 2019:

- Beate Einen (Høgsalen, SFKM Førde, 23/2-7/4)
- Veslemøy Sparre Jansen (Sogn Kunstsenter Lærdal, 15/6-11/8)
- Karina Siegmund (Høgsalen, SFKM Førde, 2/11-2019 - 2/2-2020)

(Det er krevande å i tillegg skulle vere arena for Vestlandsutstillingen (Høgsalen, SFKM Førde, 31/8-29/9) som sjølv om vi kun i utgangspunktet stiller lokale gratis til disposisjon likevel medfører mykje ekstraarbeid for museets tilsette (lyssetting, projektorer, o.l.).)

3) **Utsmykking / kunst i offentlege rom**

- SFKM var medorganisasør for seminaret «Kunst i offentlege rom» i Førdehuset 19. september, saman med BKSF og KH-Vestnorge, Sogn og Fjordane Kunstlag og fylkeskommunen. Avdelingsdirektøren heldt innlegg om kva SFKM kan tilby av tenester.
- SFKM var medavsendar på eit informasjonsskriv sendt til alle kommunar i nye Vestland fylke 11.11.2019 om kunst i offentlege rom: kvifor, korleis satse på dette, samt kven som kan hjelpe kommunen i dette arbeidet.
- SFKM har løpande sendt ut informasjon om utsmykkingsoppdrag til medlemmane i kunstnarorganisasjonane.
- Når det gjeld kunst i offentleg rom so har kunstmuseet ikkje noko klart mandat for å handsame dette.

4) **Kompetanseutvikling**

I 2019 var det ingen konkrete tiltak innan kompetanse, dette vil ein prøve og prioritere i 2020.

5) **Formidlingssal/sal/kommisjonssal**

Museumsbutikken til SFKM har som vanleg hatt formidlingssal/sal/kommisjonssal på vegne av kunstnarane. I 2019 var det 2465 besøkande i Kunstbutikken ved SFKM, men dei om lag 6200 besøkande i utstillingane vitja og kunstbutikken. Butikkens formidlingssal/sal/kommisjonssal på vegne av kunstnarane var svært godt: Det vart omsett for kr 511 350, fordeling 70 % til kunstnarane/30 % inntekt sal til SFKM/Kunstsenterfunksjonane.

6) **Formidling av kunst og kunstnarar**

På heimesidene til SFKM har det i 2019 vore eit oppdatert register over dei organiserte kunstnarane i Sogn og Fjordane.

7) **Kunstfagleg råd**

Kunstfagleg råd hadde 3 møter i løpet av 2019 (21/1, 20/5, 18/11). Rådet har i perioden handsama 19 saker, og arbeidet med nye retningslinjer for Kunstfagleg Råd er blant desse.

- Handsaming av utstillingssøknadar er mellom dei viktigaste oppgåvene rådet har. SFKM mottok 37 søknadar om utstillingsplass i 2021 innan fristen 31.10.2018. Desse vart handsama i januarmøtet 2019. Søknadar om utstillingsplass for 2022 hadde frist 31.10.2019. SFKM mottok 40 søknadar innan fristen, og desse vart handsama i novembermøtet 2019.
- I novembermøtet innstilte rådet Geir S. Hjetland til BKHs produksjonsstipend på kr. 100.000.

8) **Innstilling til regionale prosjektmidlar i regi av KiN**

SFKM er i en 4-årsperiode (2018-2022) sekretariat for innstillingskomité for «Regionale prosjektmidlar for visuell kunst» i regi av KIN for fylka Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. (Komitéen handsama 63 søknadar).

9) **Nettverksbygging**

- Kunstfagleg råd NKVN-representant og avdelingsdirektør SFKM deltok på KiNs 2-dagarsmøte på Hamar 6.-7. mai.
- Avdelingsdirektør deltok på KiNs temadag om kunst i offentlege rom i Trondheim 23. oktober.
- 5. mars hadde kunstnarorganisasjonane og SFKM møte med Hordaland kunstsenter.
- I etterkant av kunst i offentlege rom-seminaret 19. september deltok avdelingsdirektør ved SFKM på møte om skriv til kommunane om kunst i offentlege rom saman med representantar frå BKFH, BKSF, NKVN, Hordaland kunstsenter og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- 2. september hadde avdelingsdirektør ved SFKM møte med direktør for Hordaland kunstsenter i Bergen.

10) **Tilbod til kunstnarane**

- Kunstnarorganisasjonane har i løpet av året nytta seg av gratis bruk av SFKM sine lokale til møter og samlingar. Dei får òg rabattar i kafeen, gratis inngang i utstillingane, og oppbevaring av arkivskap.
- 30. april vart første lunsjforedrag i ei tenkt rekke kalla «Kunst i kvardagen» arrangert. Kunstnar May Elin Eikås Bjerck snakka om «Om å vise omsorg i det kulturelle rom».



Pepperkakebygda 2019 ©MiSF



Konsert og bokslepp med Ola Bremnes og Ida Larmo. Songar og forteljingar om folk og landsskap langs hurtigruteleia frå Bergen til Kirkenes frå boka «På gyngande grunn» En reise med hurtigruta. Samarbeid med Rom for Ord ved Kystmuseet. ©MiSF



Frå innspeling av "Norge nå" på Astruptunet
22.okt. Avdelingsleiar Solveig Berg Lofnes og
programleiar Norge nå @NRK

6. Årsmelding

ÅRSMELDNING FOR 2019 - STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE – Org.nr. 994 179 136

Verksemda si art og lokalisering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) er eit konsolidert museum med avdelingane Nordfjord Folkemuseum (Sandane), Kystmuseet i Sogn og Fjordane (Florø), Sunnfjord Museum (Førde), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger), Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Førde), Norsk Kvernsteinscenter (Hyllestad) og Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand). Tilhøyrande besøksstader/underavdelingar er Vågsberget (Vågsøy), Sogn Fjordmuseum (Kaupanger), Astruptunet (Jølster), Eikaasgalleriet (Jølster), Anders Svor Museum (Hornindal) og Sogn Kunstsenter (Lærdal).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sitt føremål er å drive museum; stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling. Stiftinga skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk. Stiftinga kan også drive verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål. Stiftinga si målform er nynorsk.

Oppsummering, status og utvikling i Musea i Sogn og Fjordane

Sidan etableringa av MiSF i 2009 har betra magasintilhøve for samlingane vore det viktigaste behovet for det konsoliderte museet. I 2017 vart den gamle eskefabrikken i Angedalen i Førde kjøpt for å bli nytta som fellesmagasin for samlingane. Men før lokala i Angedalen kan takast i bruk må dei byggast om. Etter omfattande og systematisk arbeid over lang tid fekk MiSF den gledelege meldinga i desember 2019 om at Kulturdepartementet hadde løyvd 40 millionar kroner til prosjektet. Sidan Sogn og Fjordane Fylkeskommune (vidareført av Vestland Fylkeskommune) i juni 2019 hadde løyvd 20 millionar kroner var tiltaket dermed fullfinansiert. Målsettinga er å ha bygget i Angedalen klart som nytt fellesmagasin i 2022.

Prosessen med Stiftinga Kystmuseet om overtaking av eigarskapen til samlingane og bygga, er ikkje ferdigstilt som planlagt i 2019. Arbeidet har teke lenger tid enn antatt, men vi ventar ei avklaring i 2020.

Seinhaustes 2018 starta arbeidet med ei organisasjonsgjennomgang opp med hjelp av eksterne rådgjevarar. I 2019 vart ein funksjonsdelt klyngemodell vedteke som ny prinsippmodell for MiSF. Arbeidet med organisasjonsprosessen vil halde fram i 2020, og organisasjonsendringa skal vere gjennomført innan utgangen av 2022.

I 2019 vedtok styret også nye styrande dokument knytt til kompetanse og kvalitetsarbeid for perioden 2019-2022.

Når det gjeld dei finansielle rammevilkåra til MiSF er vi inne i ei tid med historisk omfattande endringar. Hovudårsakene til dette er regionreforma, fylkessamanslåing og kommunesamanslåingar. Kulturdepartementet har meldt at det vil kome ei ny fordeling av offentlege tilskot mellom stat og fylkeskommune til musea, gjeldande frå og med 2021.

For rekneskapsåret 2020 er det på det reine at MiSF har ein avklart situasjon for driftstilskot på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

I tillegg til dette er ei ny museumsmelding under utarbeiding. Denne er venta å kome i løpet av 2021. Signal frå arbeidet tyder på at det museumsfaglege fokuset skal styrkast og at det skal vurderast tydelegare kvalifiseringskrav knytt til statlege tilskot. Som for dei øvrige konsoliderte musea er det venta at meldinga vil medføre konsekvensar for MiSF, men førebels er det uklart korleis.

Fordeling av offentlege driftstilskot

Offentleg tilskot til ordinær drift av Musea i Sogn og Fjordane i 2019, fordelte seg slik:

• Statstilskot	kr. 36 444 000*	(61,7 %)
• Fylkestilskot	kr. 15 450 000	(26,2 %)
• Kommunetilskot	kr. 7 128 634	(12,1 %)
Sum	kr. 59 022 634	

(*) I tillegg har MiSF motteke kr. 636 000 som er tiltenkt men ikkje utbetalt til Stiftinga Måløyraidsenteret, kr 500 000 som er utbetalt Gulatinget, samt midlar frå gåveforsterkingsordninga på kr 139 598.

Staten er den største tilskotsytaren, og har lagt inn føresetnaden om at regionen dekkjer 40 % av det samla offentlege driftstilskotet. I 2014 gjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtak om å endre sin prosentdel frå 31 til 25 av det regionale driftstilskotet, utan at kommunane sin del blei tilsvarende auka. Eit samarbeid med KS og MiSF har resultert i at alle kommunane i fylket har bidrege med tilskot i tråd med driftsavtaler frå 1. januar 2017.

Styret hadde sju møter og behandla 52 saker i 2019. Styret har vedteke eit budsjett med underskot for året 2020. Likviditeten er god.

Framleis drift

Styret og administrerande direktør meiner føresetnaden for framhald av drifta er tilstades, og legg dette til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Den finansielle risikoen i stiftinga er låg.

Arbeidsmiljø og likestilling

Hausten 2019 vart det, i samarbeid med bedriftshelsetenesta, utført ei medarbeidarundersøking blant dei tilsette. Formålet var å kartlegge det fysiske og dei psykososiale forhold på arbeidsplassen. Resultatet av dette viste at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande.

MiSF har elektronisk registrering av arbeidstid. Arbeidsmiljøutvalet har hatt tre møter.

Det har vore registrert ein personskade i 2019. Sjukefråveret var pr. 31. desember 2019 på 4,92 %. Målet i strategiplanen er på 3 %. Styret vurderer sjukefråveret som noko høgt, men akseptabelt.

Stiftinga hadde i 2019 til saman 59,6 årsverk. Dette er inklusive vikarar og sommarvertar. Av desse var 48 årsverk fast tilsette, fordelt på 27 kvinner og 32 menn. Administrerande direktør er mann og sju avdelingsleiarar er kvinner. I styret er det tre kvinner og fire menn. Styret meiner at stiftinga har eit tilfredsstillande fokus på likestilling.

Hausten 2019 vart arbeidet med å rette opp dei byggtkniske utfordringane ved administrasjonsbygget til Sunnfjord Museum starta opp. Desse har medført dårleg arbeidsforhold og inneklimate. Ombygginga av administrasjonsbygget er planlagt gjennomført i løpet av 2020.

Diskriminering

MiSF skal vere ein møtestad for alle type menneske, og ein av verdiane som er identifisert i strategiplanen 2019-2021 er «Inkluderande». Denne verdien inneber at vi skal vere eit museum for alle, uavhengig av bakgrunn.

MiSF er positive til å rekruttere og behalde folk med varig eller mellombels redusert funksjonsevne (ref. §3-3 i diskrimineringslova). Styret er ikkje kjent med at det har vore saker i 2019 der diskriminering har vore eit tema.

Ytre miljø

Det er ikkje tilhøve ved verksemda som kan medføre negativ påverknad på det ytre miljø.

Årsresultat og disponering

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen med notar gjev eit rettvisebilde av drifta i løpet av året og av stillinga ved årsslutt. Stiftinga hadde i 2019 eit bokført resultat på kr. 5 837 603. Styret sitt framlegg er at overskotet blir overført til annan eigenkapital i sin heilskap.

Eigenkapital og gjeld


Ved utgangen av 31. desember 2019 var total eigenkapital på kr 20 326 026. Stiftinga oppfyller ikkje lenger krava i rekneskapslova §1-6 om små føretak, og pensjonsforpliktinga er balanseført til kr. 14 289 277.

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Sandane 18.02.2020



Ivar Kvalen
Styreleiar



Hanne Bergliot Oftedal
Nestleiar



Arild Bergstrøm
Styremedlem



Kristin Maurstad
Styremedlem



Olve Grotle
Styremedlem



Jan-Arve Lund
Styremedlem



Eva Marie Felde
Styremedlem



Kjartan Aa Berge
Adm.direktør

7. Årsrekneskap

Resultatrekneskap

	Note	2019	2018
Salsinntekt	4	4 351 552	4 213 892
Driftstilskot	4	59 162 232	57 847 468
Inntekter prosjekter	4,6	1 417 225	1 630 069
Anna driftsinntekt	4	881 618	1 099 857
Sum driftsinntekter		65 812 626	64 791 285
Varekostnad		(1 097 343)	(1 264 235)
Utstillingskostnader m.m.		(509 459)	(341 613)
Lønskostnad	1,11	(35 249 318)	(35 133 140)
Avskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eigendelar	2	(402 816)	(522 960)
Andre driftskostnader	1,6,8,12	(23 224 283)	(22 632 410)
Sum driftskostnader		(60 483 220)	(59 894 357)
Driftsresultat		5 329 407	4 896 929
Annan renteinntekt		527 131	346 374
Annan finansinntekt		68	365
Sum finansinntekter		527 199	346 739
Annan rentekostnad		(13 199)	(20 716)
Annan finanskostnad		(5 803)	(9 882)
Sum finanskostnader		(19 002)	(30 598)
Netto finans		508 196	316 141
Årsresultat		5 837 603	5 213 070
Overføringer			
Overføringer til/frå annan eigenkapital		5 837 603	5 213 070
Sum overføringer og disponeringar		5 837 603	5 213 070

Balanse pr. 31. desember

	Note	2019	2018
EIGENDELAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Fellesmagasin Ramstad	2	11 531 926	11 720 554
Installasjoner NRM	2	153 016	184 012
Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	2	544 312	447 704
Sum varige driftsmidler		12 229 254	12 352 270
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar			
Andre fordringar	7,11	186 530	186 530
Sum finansielle anleggsmidler		2 367 877	2 387 833
Sum anleggsmidler		14 597 131	14 740 103
Omløpsmidlar			
Varer			
Sum varer		776 183	719 368
Fordringar			
Kundefordringar	10	375 079	417 220
Andre fordringar	10	4 305 955	4 298 499
Sum fordringar		4 681 034	4 715 719
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	31 820 586	26 293 679
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		31 820 586	26 293 679
Sum omløpsmidlar		37 277 803	31 728 765
Sum eigendelar		51 874 934	46 468 868

Balanse pr. 31. desember


	Note	2019	2018
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	3	210 000	210 000
Sum innskoten eigenkapital		210 000	210 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	3	20 116 026	14 278 423
Sum opptent eigenkapital		20 116 026	14 278 423
Sum eigenkapital	3	20 326 026	14 488 423
Gjeld			
Avsetning for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	11	14 289 277	16 121 752
Sum avsetning for forpliktingar		14 289 277	16 121 752
Sum langsiktig gjeld		14 289 277	16 121 752
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 108 794	3 177 070
Skyldige offentlege avgifter		2 153 453	2 113 037
Anna kortsiktig gjeld	9	4 594 016	4 345 828
Påløpte prosjekter	6	6 403 368	6 222 757
Sum kortsiktig gjeld		17 259 631	15 858 693
Sum gjeld		31 548 908	31 980 445
Sum eigenkapital og gjeld		51 874 934	46 468 868

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Sandane 18.02.2020



Ivar Kvalen
Styreleiar



Hanne Bergliot Oftedal
Nestleiar



Arild Bergstrøm
Styremedlem



Kristin Maurstad
Styremedlem




Olve Grotle
Styremedlem



Jan-Arve Lund
Styremedlem



Eva Marie Felde
Styremedlem



Kjartan Aa Berge
Adm.direktør

Kontantstrømpstilling

Note	2019	2018
Likvider tilført/brukt på virksomheten:		
Årsresultat	5 837 603	5 213 070
+/- Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler	(1 030)	3 991
+ Ordinære avskrivninger	402 816	522 960
Tilført fra årets virksomhet	6 239 389	5 740 021
+/- Endr.i lager, debitorer og kreditorer	917 050	(1 537 281)
+/- Endr.i andre tidsavgrensingsposter	32 959	(24 770)
A = Netto likviditetsendr. fra virksomhet	7 189 398	4 177 970
Likvider tilført/brukt på investeringer:		
- Investeringer i varige driftsmidler	(278 770)	(145 221)
+/- Endring andre investeringer	19 956	9 992
B = Netto likviditetsendr.fra investering	(258 814)	(135 229)
Likvider tilført/brukt på finansiering:		
- Nedbetaling av gammel gjeld	(1 403 677)	(379 247)
C = Netto likviditetsendr.fra finansiering	(1 403 677)	(379 247)
+ Likviditetsbeholdning 1.1.	26 293 679	22 630 185
A+B+C Netto endr. i likvider gjennom året	5 526 907	3 663 494
= Likviditetsbeholdning 31.12.	31 820 586	26 293 679

Notar til rekneskapen 2019

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende:

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp

Inntekt er resultatført når den er opptent. Utgifter er samanstilt og kostnadsført samstundes med dei inntekter som utgiftene kan relaterast til.

Utgifter som ikkje kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei har oppstått.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarende kriterie lagde til grunn.

Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, vert avskrivne planmessig. Omløpsmidlar vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og vert avskrive over driftsmidlane si levetid dersom dei har ei levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostningar eller forbedringar vert tillagt driftsmidlets kostpris og vert avskrive i takt med driftsmidlet.

Leigde (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar dersom leigekontrakta er finansiell.

Fordringer

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffelseskost etter FIFO prinsippet og virkeleg verdi. Det foretas nedskrivning for pårekeleg ukurans.

Pensjoner

Stiftinga har ei ytelsesbasert pensjonsordning. Ytelsesplan betyr at pensjonsordninga definerer ein pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Ytelsesplanen er avhengig av fleire faktorer som alder, tal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er nåverdien av dei definerte ytelsane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlene, justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidlige perioder sin pensjonsopptjening.

Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av en uavhengig aktuar ved bruk av en lineær oppteningsmetode.

Noverdien av dei definerte ytelsane vert bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalningar med ein langsiktig risikofri rente med tillegg av eit risikopåslag.

Estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadene utover det største av 10% av verdien av pensjonsmidlane og 10% av pensjonsforpliktingane, blir ført i resultatrekneskapet over en periode som tilsvarer arbeidstakarane si forventa gjennomsnittlege resterande tid til pensjonering. Endringar i pensjonsplanen sine ytelsar vert kostnadsført eller inntektsført løpande i resultatrekneskapen, med mindre rettighetene etter den nye pensjonsplanen er betinga av at arbeidstakaren vert verande i teneste i ein spesifisert tidsperiode. I dette tilfellet resultatførast effekten av endringa lineært over oppteningsperioden. Noverdien av pensjonforpliktingane er avhengig av fleire faktorar (herunder diskonteringsrenten) som må fastsettast ved bruk av en rekke antagelsar. Ei kvar endring i desse føresetnadene påverkar pensjonsforpliktingane. Andre grunnleggande føresetnadene for pensjonsforpliktelsane er delvis basert på faktiske marknadsforhald.

Tilleggsinformasjon vert vist i note.

Konsolidering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009, og er ei samanslutning av fylgjande avdelingar:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sunnfjord Museum

Nordfjord Folkemuseum

Norsk Kvernsteinsenter

Norsk Reiselivsmuseum

Note 1 Tilsette, godtgjersle, mv.

Lønskostnad	2019	2018
Løn	28 283 272	27 551 648
Arbeidsgjeveravgift	3 692 849	3 581 716
Pensjon	2 513 279	3 414 262
Andre personalkostnader	759 917	585 514
Sum	35 249 317	35 133 140
Antall årsverk	48	48
Ytingar til leiande peronar	Dagleg leiar	Styret
Løn dagleg leiar frå 01.01 - 31.12	925 090	190 953
Andre ytingar	6 989	5 338
Sum	932 079	196 291
Revisor	2019	2018
Honorar revisjon	148 550	126 400
Andre revisjonsrelaterte tenester	4 800	40 194

Note 2 Anleggsmidlar

	Tomt Ramstad	Fellesmagasin Ramstad	Installasjoner NRM	Uteområde avd. 4	Inventar utstyr	Bilar	Sum
Anskaffelseskost 1.1.2	665 000	9 431 190	308 000	79 337	3 432 378	0	15 915 905
Avgang i året							0
Tilgang i året						279 800	279 800
Anskaffelseskost 31.12.	2 665 000	9 431 190	308 000	79 337	3 432 378	279 800	16 195 705
Samla ordinære avskrivningar	0	564 264	154 984	79 337	3 097 918	69 948	3 966 451
Bokført verdi 31.12	2 665 000	8 866 926	153 016	0	334 460	209 852	12 229 254
Årets ordinære avskrivningar	0	188 628	30 996		113 244	69 948	402 816
Levetid		50 år	10	5 år	5/10 år	4 år	
Avskrivningsmetode		Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Overtaking av kunstsamling frå Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane

Stiftinga eig ei mindre kunstsamling som ikkje er balanseført.

Eigarskapen vart overført i samband med sammenslåinga av Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2017. Overdraginga var vederlagsfri.

Overtaking av samlingar frå Nordfjord Sogelag

Pr. 1. september 2018 overlot Nordfjord Sogelag eigarskapen til bygningar og gjenstander ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Overdraginga var vederlagsfri. Egedelane er ikkje balanseført i rekneskapen.

Overtakinga omfatta desse bygg og gjenstander:

- Holvikejekta
- Administrasjons- og utstillingsbygg
- Lagerbygg
- Friluftsmuseet med 44 antikvariske bygningar og ein kopi (Jølet)
- 2 bygningar utenfor Jølet
- Ca 23.000 gjenstander

Note 3 Spesifikasjon egenkapital

Stiftarar	Sum
Innbetalt stiftingskapital	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000
Nordfjord Folkemuseum	10 000
Sunnfjord Museum	10 000
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	10 000
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	10 000
De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum	10 000
Sum opprinnelege stiftarar	100 000
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Sammanslåing 2017)	110 000
Sum innskoten egenkapital	210 000

Spesifikasjon egenkapital

	Grunn kapital	Annan egenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1.	210 000	14 278 423	14 488 423
Årets resultat		5 837 603	5 837 603
Eigenkapital 31.12.	210 000	20 116 026	20 326 026

Note 4 Driftsinntekter

	2019	2018
Omsetning varer	4 351 551	4 213 892
Statstilskot	36 444 000	35 667 000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	15 450 000	15 121 000
Tilskot frå kommunar	7 128 634	6 934 468
Gåveforsterkning KUD	139 598	125 000
Inntekter prosjekt	1 417 225	1 630 068
Andre driftsinntekter	881 618	1 099 857
Sum driftsinntekter	65 812 626	64 791 285

Note 5 Bundne bankinnskot

Av inneståande i bank er kr 1.106.929,- bundne skattetrekksmidlar.

Note 6 Prosjekt i arbeid

Stiftinga mottak årleg tilskot. Midlar gjevne til bestemte prosjekt blir avsett i rekneskapen og resultatføres når dei vert brukt.

Eventuelle overskot/underskot på prosjekta vert belasta drifta og blir ikkje vist i noten.

	Prosjekt nr	Avdeling	Saldo 01.01.	Mottatt	Brukt	Saldo 31.12.
Båtmagasin felles	1315	1	2 359 688			2 359 688
Holvikjektas verneverdi	2019	2	11 935			11 935
Nordfjordbåt	2020	2	645 458		258 616	386 842
Vamråk	3021	3	40 077			40 077
Lisetbua	3022	3	17 723			17 723
Holvik skule	3043	3	20 000			20 000
Høgskulelauget	3046	3	118 145		17 488	100 657
Kystøkologisk avd.	3048	3	21 982			21 982
Veg Brendøya	3300	3	101 680	-64 439	37 241	0
NVE midlar	3450	3	10 000			10 000
Vågsberget hovedhus	3465	3	43 006			43 006
Haugefisk 2016	3468	3	93 636	-93 636		0
Haugefisk 2017	3469	3	16 226	-16 226		0
Haugefisk 2018	3470	3	110 524	-110 524		0
Haugefisk 2019	3471	3	0	810 386	272 708	537 678
Mostien	4057	4	68 102			68 102
Elvhaug	5917	5	242 611	15 400	17 074	240 937
Video båtbygging	5920	5	46 925			46 925
Fjordmuseum	5927	5	75 625			75 625
Kulturlandskap museum	5928	5	111 246		2 247	108 999
Slusken fortel	5937	5	174 240			174 240
Minner.no	5944	5		50 000		50 000
Sikringsmidlar 2019	5945	5		25 000		25 000
HårF - Kvammelofet	5946	5	0	84 375	59 062	25 313
Pilotprosjekt Kunst	6064	6	476 758		250 000	226 758
Utviklingsmidlar NKS	7017	7	885 773			885 773
Kalkbrenning NSF	7019	7	98 462	310 000	83 460	325 002
Utsiktsrydding Parken	7023	7	31 873		31 873	0
Forprosjekt Geopark	7024	7	0	373 500	373 500	0
BARK	7025	7	0	200 000		200 000
NRM uføretsette kostnader	5943	8	401 062	14 000	13 956	401 106
Sum prosjektmidlar			6 222 757	1 597 836	1 417 225	6 403 368

Note 7 Lån til Kvikne's Hotel AS

Stiftinga har ytt lån til Kvikne's Hotel AS den 14.2.2008 på kr 1.750.000

Lånet skal nedbetalast over 15 år og med en rentesats på 3% p.a.

Det er ikkje stilt sikkerheit for lånet.

Restsaldo pr 31.12.2019 er kr 349.996,-.

Note 8 Andre driftskostnader

	2019	2018
Fraktkostnader	23 019	21 314
Kostnader lokale	9 924 035	9 845 090
Leie av driftsmidler	623 462	592 915
Inventar, utstyr etc.	3 234 977	3 997 766
Rep./vedl.hold	2 401 888	2 469 762
Revisjon, regnskap, konsulent	2 994 504	2 310 638
Kontorkostnader/telefon/porto	937 112	776 874
Bilkostnader	51 322	63 008
Reisekostnader	1 298 868	1 047 756
Marknadsføringskostnader	765 073	708 292
Forsikringskostnader	604 127	421 704
Andre driftskostnader	365 897	377 291
Sum kostnader	23 224 283	22 632 410

Note 9 Anna kortsiktig gjeld

	2019	2018
Forskot fra kunder	0	83 353
Skuldig andre trekk	-3 920	2 096
Påløpne feriepengar	3 025 949	2 968 369
Andre påløpte kostnader	843 093	1 273 723
Skyldig BHK avgift	-3 166	-3 166
Skyldig kunst i kommisjon	74 675	8 055
Gåvekort/kasse	15 370	13 398
Anna kortsiktig gjeld	642 015	
Vidarefakt. kostnader prosjekt	0	
Sum anna kortsiktig gjeld	4 594 016	4 345 828

Note 10 Kundefordringar/Andre fordringer

Selskapet sine kundefordringar er vurdert til pålydende, redusert med avsetning for tap på krav med kr 150.000. Tilsvarende avsetning i fjor var kr 150.000. Av kundefordringane er det ingen som forfell seinare enn ett år.

Andre fordringar

	2019	2018
Tilskot utestående kommunar	0	0
Tilskot frå Stiftelsen Uni	960 000	720 000
Tilskot Fylkesmannen/Landsbruksdirektoratet	33 175	33 175
Naturskadeerstatning Landbruksdirektoratet	15 400	0
Tilskot Forbundet Kysten/Sparebankstiftelsen - DNB	320 000	560 000
Tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune		50 000
Tilskot KUD 2019 Pilotprosjekt Kunst	0	250 000
Tilskot Norsk Folkemuseum	84 375	
Forskot leverandørar	0	20 956
Tilgode merverdiavgift	1 137 684	1 000 341
Forskotsbetalte kostnader	1 755 321	1 664 027
Sum andre fordringar	4 305 955	4 298 499

Av desse fordringane er kr 1.073.175 over 1 år.

Note 11 Pensjonsforsikringer

Stiftinga har pensjonsordningar som omfatter i alt 58 personer. Pensjonsordningen er organisert gjennom ein kollektiv pensjonsforsikring i KLP. Ordninga gjev rett til ein definert fremtidig yting. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytinga frå folketrygden. Forplikingane er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Arbeidsgjevaravgifta er i hovudsak berekna med 10,6 % for stiftinga på innbetalt pensjonspremie, sidan arbeidsstader ligg i arbeidsgjeversoner med redusert sats og fribeløp. Aktuarberekninga frå KLP brukar ein sats for arbeidsgjevaravgift på 14,1%. Dette gjer at det er differansar i nokre av dei relle og aktuarberekna tal i oversikten under.

	2019	2018
Tal personer som er med i ordninga	58	57
Årets premie til pensjonsordninga	4 915 812	4 919 243
Årets arbeidsgjevaravgift på premie til pensjonsordninga (10,6%/14,1% AGA)	502 241	
Pensjonstrekk tilsette	-570 058	-544 491
Endring i pensjonsforpliktelsar	-1 832 475	-960 490
Sum pensjonskostnad	3 015 520	3 414 262
Vidare har stiftinga gjennom ordningen i KLP opparbeidd eit premiefond:		
Saldo 01.01	2 811 465	1 891 333
Avrekna/innbetalt i året	240 286	223 722
Avkastning i året	385 320	696 410
Brukt av fondet gjennom året	0	0
Premiefond - Saldo 31.12	3 437 071	2 811 465
Egenkapitaltilskot:		
Andel av oppsamla EKT pr 31.12. flg. oppgåve frå KLP	1 542 723	1 387 048
Innbetalt i året i flg. oppgåve frå KLP	145 711	155 675
EKT bokført 31.12	1 688 434	1 542 723
Auke i EKT i året	145 711	155 675
Eigenkapitalinnskot i KLP er balanseført 31.12.2019 med kr 1.688.434,-, inkludert årets tilskot på kr 145.711.		
Pensjonskostnadar inkl. aga frå aktuarberekning)	2019	2018
Noverdi av årets opptening	4 526 779	4 303 673
Rentekostnad	1 920 639	1 779 871
Brutto pensjonskostnad	6 447 418	6 083 544
Forventa avkastning	-2 508 487	-2 306 454
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	188 312	219 337
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	4 127 243	3 996 427
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	581 941	563 496
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)		
Resultatført planendring	-798 646	
Resultatført andel aktuarielt tap (gevinst) v/avk.		
Resultatført andel av nettoforpliktelse v/avk.		
Ekstraordinære kostnader		
Resultatført pensjonskostnad	3 910 538	4 559 923
Herav resultatført aga av aktuarielt tap (gevinst)		

Notar til rekneskapen 2019

PENSJONSFORPLIKTING (BESTE ESTIMAT)

Brutto påløpt pensjonsforplikting	69 831 610	73 892 637
Pensjonsmidlar	62 152 198	57 339 439
Netto forplikting før arb.avgift	7 679 412	16 553 198
Arbeidsgjevaravgift	1 082 797	2 334 001
Netto forplikting inkl. aga	8 762 209	18 887 199
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst(tap) ekskl.aga	4 844 056	-2 423 705
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	683 012	-341 742
Ikkje resultatført planendringer		
Balanseført nto forpliktelse/(midlar) etter aga	14 289 277	16 121 752
Herav balanseført aga	1 765 809	1 992 259

Stiftinga sin pensjonsforplikting er pr 31.12.19 kr 14.289.277,-.

Årets endring kr - 1.832.475,- er ført mot resultatrekneskapen under lønskostnader.

Økonomiske forutsetningar

Forutsetningar	31.12.2019	31.12.2018
Diskonteringsrente	2,30 %	2,60 %
Lønsvekst	2,25 %	2,75 %
G-regulering	2,00 %	2,50 %
Pensjonsregulering	1,24 %	1,73 %
Forventa avkastning	3,80 %	4,30 %
Agasats	14,10 %	14,10 %
Amortiseringstid	15	15
Korridorstørrelse	10,00 %	10,00 %

Note 12 Leigeavtaler

Stiftinga har følgjande leigeavtaler:

	Utleigar	Leigeperiode fra	til	årleg leige
Leige lokale:				
Norsk Reiselivsmuseum	Statsbygg	01.04.2015	31.03.2043	3 884 485
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	S.og Fj.fylkeskommune	01.01.2013	31.12.2032	2 500 469
Kaileige i Bremanger (Haugefisk)	Havstjerna Eigedom AS			14 420
Anders Svor museum	Hornindal kommune			77 000
Løa	Krokane Gard			20 000
Andre tilfeldige leiekostnader				109 979
Sum				6 606 353
Kostnadsdeling lokale:				
Sogn Kunstsenter	Lærdal kommune		31.03.2021	308 570
Leasing transportmidlar:				
Traktorer leasingleige	SG Finans	01.01.2019	31.12.2019	102 902
Bil leasingleige	DNB	01.01.2019	31.12.2019	93 294
Leige programvare IT		01.01.2019	31.12.2019	368 130
Andre tilfeldige leigekostnader		01.01.2019	31.12.2019	59 136
Sum				623 462

Leigeavtalane med Lærdal og Jølster er løpande med 22 mnd. gjensidig oppseiing. Avtalen med Lærdal Kommune er sagt opp pr. 28.05.2019.

Driftsavtala for Anders Svor Museum (Hornindal) vart overført til nye Volda Kommune med virkning frå 01.01.2020.

8. Revisjonsmelding

Til styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 5 837 603. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av stiftelsen sin finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftelsen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som om del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftelsen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenlege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftelsen si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftelsen ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Fråsegn om andre lovmessige krav*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av stiftelsen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, meiner vi stiftelsen er forvalta i samsvar med lov, stiftelsen sitt føremål og vedtektene elles.

Førde, 18. februar 2020
Deloitte AS



Hans Jørgen Kirkeeide
Statsautorisert revisor



STIFTINGA
**MUSEA I SOGN OG
FJORDANE**

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Org. nr. 994179136

Adresse: Gota 16, 6823 Sandane

E-post: post@misf.museum.no

www.misf.no

www.facebook.com/museaisognogfjordane